

Møteinnkalling

Utval:	Yrkesopplæringsnemnda
Møtestad:	Wigandgården 8.etg. møterom: Forskjønnelsen
Dato:	04.02.2014
Tid:	10:00


Innkallinga gjeld valde medlemmer i Yrkesopplæringsnemnda, og varamedlem for lærlingerepresentanten.

Kopi vert sendt til varamedlemene til orientering. Ved eventuelle forfall frå faste medlemmer vil varamedlem bli kalla inn særskilt.

Til dette møtet har Hege Kristin Mjelde meldt forfall – Atle Rasmussen vert kalla inn.

Dersom nokon av utvalet sine medlemmer ikkje kan møta og må melda forfall, vert dei bedne om å gjere dette snarast ved å gi melding på www.hordaland.no/forfall.
Eventuelt kan ein gje melding til folkevalde@hfk.no

Møteboka frå møte i Yrkesopplæringsnemnda 3.desember 2013 ligg ikkje som vedlegg på sak om godkjenning, men kan lesast her:
http://polsak.ivest.no/polsak_filer/2013/YON/2013058476-929801.PDF



Tom Knudsen

Kopi: Varamedlemene

Sakliste

Utvals- saknr	Innhald	Arkiv- saknr	U.Off.
PS 1/14	Godkjenning av møteinnkalling		
PS 2/14	Godkjenning av møtebok forrige møte		
PS 3/14	Referatsaker (Meldingar)		
RS 1/14	Forvaltningsrevisjon innan fagopplæring - Vedtak i TING 10.12.13 - Oppfølging	2014/862	
RS 2/14	Rapport på bruk av stimuleringsmidler 2013	2014/10039	
RS 3/14	Svar på spørsmål om Samfunnskontrakten og intensjonsavtaler	2014/1534	
RS 4/14	Notat om styrking av rammetilskott	2014/358	
PS 4/14	Ymse		

PS 1/14 Godkjenning av møteinnkalling

PS 2/14 Godkjenning av møtebok forrige møte

PS 3/14 Referatsaker (Meldingar)



Notat

Til: Fylkesrådmannen

Frå: Roald Breistein

Referanse
2014/862-2

Dato
13.01.2014

Forvaltningsrevisjon innan fagopplæring - Vedtak i TING 11.12.13 - Oppfølging

Vedlagt følgjer desse dokumenta frå FT-sak 87/13 i møte 11.12.13 «Forvaltningsrevisjon innan fagopplæring i Hordaland fylkeskommune – Revisjonsrapport» til vidare oppfølging:

- Særutskrift frå TING 11.12.13
- Saksframlegg til TING 11.12.13
- Revisjonsrapport frå Deloitte innan fagopplæring

Med helsing

Roald Breistein
seniorrågjevar

Vedlegg



SÆRUTSKRIFT

Arkivsak 201300783
Arkivnr. 015
Sakshandsamar Breistein, Roald

Saksgang	Motedato	Saknr.
Kontrollutvalet	24.10.13	29/13
Fylkestinget	10.12.13	87/13

FORVALTNINGSREVISJON INNAN FAGOPPLÆRING I HORDALAND FYLKESKOMMUNE - REVISJONSRAPPORT

Kontrollutvalet 24.10.13

FORSLAG TIL INNSTILLING:

På bakgrunn av forvaltningsrevisjonsrapport "Fagopplæring i Hordaland fylkeskommune", ber fylkestinget fylkesrådmannen syta for å:

1. Vurdere å legge fram lister for Yrkesopplæringsnemnda over bedrifter som søker godkjenning og som innfrir formalkrav, for å få kjennskap til eventuelle risikoforhold knytt til søkerbedriftene.
2. Sikre at flest mogleg gjennomfører instruktorkurs for å bidra til å sikre at lærlingane får den oppfølginga og det faglege innhaldet dei har krav på i læretida.
3. Sikre at saksframlegga i politiske saker knytt til dimensjonering av opplæringstilbodet gir tydeleg informasjon om og oversikt over tilgang på læreplassar innanfor ulike fagområde.
4. Undersøke om det er mogleg å på ein systematisk måte sikre at listene over lærebedrifter er oppdaterte og ikkje inneheldt avvikla verksemder.
5. Prioritere oppfølging av lærebedrifter og opplæringskontor. Oppfølginga bør gjerast på bakgrunn av systematiske risikovurderingar som mellom anna tek utgangspunkt i rapportering frå bedrifter.
6. Vurdere om det er mogleg å auke talet på læreplassar i eigen organisasjon.
7. Sikre at det blir gitt tilstrekkeleg informasjon om lærekandidatordninga, og opprettheld fokus på å informere skulane om korleis dei best kan leggje til rette for lærekandidatane.
8. Prioritere å utarbeide oversikter over bedrifter med mange hevingssaker, og å ha ei aktiv oppfølging av desse.
9. Lage ordningar for jamleg å minne lærlingar om kva rettar dei har og kven dei kan kontakte dersom dei opplever problem i læreforholdet.
10. Laga ein handlingsplan innan 1.3.2014 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.

HANDSAMING I MØTE

Kari Gåsemyr frå Deloitte presenterte resultatet av den gjennomførte forvaltningsrevisjonen og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet.

Teksten i punkt 1 etter komma vart endra til:

for å få kjennskap til eventuelle risikoforhold medlemmene i yrkesopplæringsnemnda har om søkerbedriftene.

Kontrollutvalet ønskjer at det vert sett av ca 15 minuttar til presentasjon av denne forvaltningsrevisjonen i Fylkestinget 10.12.13.

Etter dette vart forslag til innstilling, inkl. endring av punkt 1, samrøystes vedteke.

INNSTILLING:

På bakgrunn av forvaltningsrevisjonsrapport "Fagopplæring i Hordaland fylkeskommune", ber fylkestinget fylkesrådmannen syta for å:

1. Vurdere å legge fram lister for Yrkesopplæringsnemnda over bedrifter som søker godkjenning og som innfrir formalkrav, for å få kjennskap til eventuelle risikoforhold medlemmene i yrkesopplæringsnemnda har om søkerbedriftene.
2. Sikre at flest mogleg gjennomfører instruktørkurs for å bidra til å sikre at lærlingane får den oppfølginga og det faglege innhaldet dei har krav på i læretida.
3. Sikre at saksframlegga i politiske saker knytt til dimensjonering av opplæringstilbodet gir tydeleg informasjon om og oversikt over tilgang på læreplassar innanfor ulike fagområde.
4. Undersøke om det er mogleg å på ein systematisk måte sikre at listene over lærebedrifter er oppdaterte og ikkje inneheldt avvikla verksemder.
5. Prioritere oppfølging av lærebedrifter og opplæringskontor. Oppfølginga bør gjerast på bakgrunn av systematiske risikovurderingar som mellom anna tek utgangspunkt i rapportering frå bedrifter.
6. Vurdere om det er mogleg å auke talet på læreplassar i eigen organisasjon.
7. Sikre at det blir gitt tilstrekkeleg informasjon om lærekandidatordninga, og opprettheld fokus på å informere skulane om korleis dei best kan leggje til rette for lærekandidatane.
8. Prioritere å utarbeide oversikter over bedrifter med mange hevingssaker, og å ha ei aktiv oppfølging av desse.
9. Lage ordningar for jamleg å minne lærlingar om kva rettar dei har og kven dei kan kontakte dersom dei opplever problem i læreforholdet.
10. Laga ein handlingsplan innan 1.3.2014 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.

Fylkestinget 10.12.13

Deloitte v/Kari Gåsemyr orienterte om rapporten.

Bjornar Hamre og Roald Stenseide sette fram slikt oversendingsforslag:

"Saka blir oversendt som melding til opplærings- og helseutvalet og yrkesopplæringsnemnda."

Røysting

Hamre/Stenseide sitt forslag vart samrøystes vedteke oversendt til fylkesrådmannen. Innstillinga vart samrøystes vedteken.

VEDTAK (11.12.2013)

På bakgrunn av forvaltningsrevisjonsrapporten "Fagopplæring i Hordaland fylkeskommune", ber fylkestinget fylkesrådmannen syte for å:

1. Vurdere å leggje fram lister for Yrkesopplæringsnemnda over bedrifter som søker godkjenning og som innfrir formalkrav, for å få kjennskap til eventuelle risikoforhold medlemmene i yrkesopplæringsnemnda har om søkjarbedriftene.
2. Sikre at flest mogleg gjennomfører instruktørkurs for å bidra til å sikre at lærlingane får den oppfølginga og det faglege innhaldet dei har krav på i læretida.
3. Sikre at saksframlegga i politiske saker knytt til dimensjonering av opplæringstilbodet gir tydeleg informasjon om og oversikt over tilgang på lære plassar innanfor ulike fagområde.
4. Undersøkje om det er mogleg å på ein systematisk måte sikre at listene over lærebedrifter er oppdaterte og ikkje inneheldt avvikla verksemder.
5. Prioritere oppfølging av lærebedrifter og opplæringskontor. Oppfølginga bør gjerast på bakgrunn av systematiske risikovurderingar som mellom anna tek utgangspunkt i rapportering frå bedrifter.
6. Vurdere om det er mogleg å auke talet på lære plassar i eigen organisasjon.
7. Sikre at det blir gitt tilstrekkeleg informasjon om lære kandidatordninga, og oppretthalde fokus på å informere skulane om korleis dei best kan leggje til rette for lære kandidatane.
8. Prioritere å utarbeide oversikter over bedrifter med mange hevingssaker, og å ha ei aktiv oppfølging av desse.
9. Lage ordningar for jamleg å minne lærlingar om kva rettar dei har og kven dei kan kontakte dersom dei opplever problem i læreforholdet.
10. Lage ein handlingsplan innan 01.03.2014 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følge opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksetjinga.

RETT UTSKRIFT:

DATO: 13. desember 2013

FYLKESRÅDMANEN
Mildred Bertelsen



Arkivsak 201300783-7
Arkivnr. 015
Saksh. Breistein, Roald

Saksgang	Møtedato
Kontrollutvalet	24.10.2013
Fylkestinget	10.12.2013 – 11.12.2013

FORVALTNINGSREVISJON INNAN FAGOPPLÆRING I HORDALAND FYLKESKOMMUNE - REVISJONSRAPPORT

Bakgrunn for saka:

Kontrollutvalet gjorde slikt vedtak i sak 4/13 i møte 11.02.13:

- 1 *Kontrollutvalet bestiller forvaltningsrevisjon av fagopplæring i Hordaland fylkeskommune, frå Deloitte AS, med utgangspunkt i forslag til prosjektplan og ev. innspel under drøftinga i motet.*
- 2 *Det vert akseptert ein samla timerressurs på inntil det timetal som ligg i prosjektplanen, inkludert opsjon på ev. presentasjon av rapporten i fylkestinget.*
- 3 *Kontrollutvalet ønskjer at revisjonsrapport er klar frå Deloitte si side innan 2.9.2013, ferdig verifisert og med fylkesrådmannen sin uttale vedlagt og/eller innarbeidd.*

Av den godkjende prosjektplanen går det fram at foremålet og problemstillingane med denne revisjonen er:

Foremålet med prosjektet er å undersøkje om dei rutinar og system som fylkeskommunen har for oppfølging av lærlingar og lærebedrifter er tilfredsstillande og i samsvar med lover og reglar.

Med bakgrunn i foremålet er følgjande problemstillingar undersøkte:

1. *Har fylkeskommunen gode rutinar for oppretting og godkjenning av læreplassar?*
 - a) *Har fylkeskommunen system og rutinar for å sikre rettleiing og oppfølging av lærebedriftene?*
 - b) *Har fylkeskommunen oversikt over behov for og tilgang på ulike typar læreplassar?*
 - c) *Har fylkeskommunen system for å bidra til at godkjende lærebedrifter tilbyr læreplassar?*

- d) *Har fylkeskommunen tilstrekkeleg system for å fore kontroll med lærebedrifter?*
 - e) *I kva grad har fylkeskommunen tilbod om læreplassar i eigen organisasjon?*
2. *Har fylkeskommunen eit tilstrekkeleg tilbod til lærekandidatar (som får ein mindre omfattande fagprove)?*
 3. *I kva grad har ein utfordringar med at lærlingar og lærekandidatar ikkje fullfører læretida?*
 - a) *Kva er årsakene til at lærlingar/ lærekandidatar sluttar i lopet av læretida?*
 4. *Har fylkeskommunen tilstrekkeleg med system og rutinar for oppfølging av lærlingar/lærekandidatar i læretida?*
 - a) *I kva grad blir rutinane for oppfølging av lærlingar/lærekandidatar folgt?*
 5. *Har fylkeskommunen gode system for oppfølging av elevar som ikkje får lærekontrakt?*

Drøfting:

Deloitte har no gjort ferdig forvaltningsrevisjon av "Fagopplæring i Hordaland fylkeskommune", revisjonsrapport er levert og ligg ved. Fylkesrådmannen har hatt rapporten til uttale og uttalen er lagt ved rapporten som vedlegg 1.

Deloitte har nytta dokumentanalyse, intervju, statistiske analysar og verifiseringsprosessar som metodar i denne forvaltningsrevisjonen.

Etter sekretariatet si vurdering har Deloitte levert ein god rapport som er i samsvar med kontrollutvalet sine bestillingar.

I pt. 6, Forslag til tiltak i rapporten, har sekretariatet merka seg at Deloitte har desse forslaga til tiltak:

1. *Vurderer å legge fram lister for Yrkesopplæringsnemnda over bedrifter som sokjer godkjenning og som innfrir formalkrav, for å få kjennskap til eventuelle risikoforhold knytt til sokjerbedriftene.*
2. *Sikrar at flest mogleg gjennomfører instruktorkurs for å bidra til å sikre at lærlingane får den oppfølginga og det faglege innhaldet dei har krav på i læretida.*
3. *Sikrar at saksframlegga i politiske saker knytt til dimensjonering av opplæringstilbodet gir tydeleg informasjon om og oversikt over tilgang på læreplassar innanfor ulike fagområde.*
4. *Undersøker om det er mogleg å på ein systematisk måte sikre at listene over lærebedrifter er oppdaterte og ikkje inneheldt avvikla verksemder.*
5. *Prioriterer oppfølging av lærebedrifter og opplæringskontor. Oppfølginga bør gjerast på bakgrunn av systematiske risikovurderingar som mellom anna tek utgangspunkt i rapportering frå bedrifter.*
6. *Vurderer om det er mogleg å auke talet på læreplassar i eigen organisasjon.*
7. *Sikrar at det blir gitt tilstrekkeleg informasjon om lærekandidatordninga, og opprettheld fokus på å informere skulane om korleis dei best kan leggje til rette for lærekandidatane.*
8. *Prioriterer å utarbeide oversikter over bedrifter med mange hevingssaker, og å ha ei aktiv oppfølging av desse.*
9. *Vurderer ordningar for jamleg å minne lærlingar om kva rettar dei har og kven dei kan kontakte dersom dei opplever problem i læreforholdet.*

Konklusjon.

Rapporten munnar ut i forslag om tiltak for å betre rutinane. Forslag til innstilling i saksframlegget, byggjer på forslaga i rapporten, likevel ved at det vert tilrådd at forslaga vert forsterka på nokre av punkta.

Sekretariatet meiner vidare at kontrollutvalet bør tilrå at fylkestinget ber fylkesrådmannen om å laga ein handlingsplan som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.

FORSLAG TIL INNSTILLING:

På bakgrunn av forvaltningsrevisjonsrapport "Fagopplæring i Hordaland fylkeskommune", ber fylkestinget fylkesrådmannen syta for å:

1. Vurdere å legge fram lister for Yrkesopplæringsnemnda over bedrifter som sokjer godkjenning og som innfrir formalkrav, for å få kjennskap til eventuelle risikoforhold knytt til sokjerbedriftene.
2. Sikre at flest mogleg gjennomfører instruktorkurs for å bidra til å sikre at lærlingane får den oppfølginga og det faglege innhaldet dei har krav på i læretida.
3. Sikre at saksframlegga i politiske saker knytt til dimensjonering av opplæringstilbodet gir tydeleg informasjon om og oversikt over tilgang på læreplassar innanfor ulike fagområde.
4. Undersøke om det er mogleg å på ein systematisk måte sikre at listene over lærebedrifter er oppdaterte og ikkje inneheldt avvikla verksemder.
5. Prioritere oppfølging av lærebedrifter og opplæringskontor. Oppfølginga bør gjerast på bakgrunn av systematiske risikovurderingar som mellom anna tek utgangspunkt i rapportering frå bedrifter.
6. Vurdere om det er mogleg å auke talet på læreplassar i eigen organisasjon.
7. Sikre at det blir gitt tilstrekkeleg informasjon om lærekandidatordninga, og opprettheld fokus på å informere skulane om korleis dei best kan leggje til rette for lærekandidatane.
8. Prioritere å utarbeide oversikter over bedrifter med mange hevingssaker, og å ha ei aktiv oppfølging av desse.
9. Lage ordningar for jamleg å minne lærlingar om kva rettar dei har og kven dei kan kontakte dersom dei opplever problem i læreforholdet.
10. Laga ein handlingsplan innan 1.3.2014 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.


Hogne Haktorson
Kontrollsjef

Vedlegg: Rapport frå Deloitte: "Fagopplæringa i Hordaland fylkeskommune"

Forvaltningsrevisjon | Hordaland fylkeskommune
Fagopplæring



Samandrag

Deloitte har gjennomført ein forvaltningsrevisjon av fagopplæring i Hordaland fylkeskommune. Prosjektet vart bestilt av kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune 11.02.2013 (sak 4/13). Føremålet med prosjektet har vore å undersøkje om dei system og rutinar som fylkeskommunen har for oppfølging av lærlingar og lærebedrifter er tilfredsstillande og i samsvar med lover og reglar. Prosjektet har belyst problemstillingar knytt til rutinar for oppretting og godkjenning av læreplassar, tilbod til læreandidatar, omfang og årsaker til fråfall og bortval, og system og rutinar for oppfølging i læretida og oppfølging av elevar som ikkje får lærekontrakt.

Datagrunnlaget for undersøkinga har vore statistikk frå KOSTRA og VIGO databasen, og ei rekkje dokument og rutinar knytt til fagopplæring. Revisjonen har i tillegg gjennomført intervju med utvalte personar som arbeider med fagopplæring i fylkeskommunen, rektor ved vidaregåande skular og leiarar ved opplæringskontor. Totalt er det gjennomført sju intervju i samband med undersøkinga.

Rutinar for godkjenning av lærebedrifter/læreplassar

Yrkesopplæringsnemnda fatta i desember 2007 vedtak om å delegere fullmakt til å gjere den faglege vurderinga i samband med godkjenninga av bedrifter til fylkesrådmannen. Undersøkinga viser at fylkeskommunen har utarbeidd skriftlege rutinar for godkjenning av lærebedrifter, som skildrar kva fylkeskommunen skal kontrollere ved slike søknader. Det er også utarbeidd brevmal for utsending av svar til bedrifter om at dei har fått innvilga godkjenning som lærebedrift. Etter revisjonen si vurdering er dei skriftlege rutinane og malane knytt til godkjenning av lærebedrifter gode.

På bakgrunn av informasjon som kjem fram i undersøkinga er det revisjonen si vurdering at fylkeskommunen bør vurdere om dei skal legge fram lister for Yrkesopplæringsnemnda over bedrifter som søker godkjenning og som innfrir formalkrav. Dette vil kunne bidra til å gi Fagopplæringskontoret kjennskap til eventuelle risikoforhold knytt til søkjarbedriftene.

Rettleiing av lærebedrifter

Opplærings- og helseutvalet vedtok i sak 34/13 at bedriftene må sende fagleg leiar i lærebedrifter på instruktørkurs i fylkeskommunen innan eit år etter godkjenning, og at alle fagleiarar eller instruktørar som ikkje har gjennomført instruktørkurs tidlegare, må gjennomføre dette. Revisjonen har fått opplyst at om lag 2200 faglege leiarar ikkje har gjennomført instruktørkurs.

Fylkeskommunen har, gjennom den planlagde oppfølginga av Opplærings- og helseutvalet sitt vedtak om obligatorisk instruktørkurs, utarbeidd eit systematisk opplegg for rettleiing av lærebedriftene. Av undersøkinga går det samtidig fram at Fagopplæringskontoret sitt budsjett for 2013 ikkje gjev rom for fleire instruktørkurs inneverande år. Revisjonen meiner det er viktig å sikre at flest mogleg gjennomfører instruktørkurs for å bidra til å sikre at lærlingane får den oppfølginga og det faglege innhaldet dei har krav på i læretida.

For bedrifter som ikkje er medlem i opplæringskontor gjennomfører Fagopplæringskontoret obligatorisk informasjonsmøte før godkjenning som lærebedrift.

Tilgang til og behov for læreplassar

Av undersøkinga går det fram at Fagopplæringskontoret stipulerer tilgangen på læreplassar basert på oversikter over kor mange lærlingar bedriftene har tatt inn tidlegare. Dette blir gjort fordi det har vore vanskeleg å få god nok oversikt og tilbakemelding frå bedriftene med omsyn til om dei vil tilby læreplassar kommande år. Det går vidare fram av undersøkinga at det innan ein del fagområde er utfordringar knytt til god dimensjonering av opplæringstilbodet. Kva elevplassar som skal opprettast i dei vidaregåande skulane blir avgjort politisk, men det er revisjonen si vurdering at saksframlegga til politiske saker knytt til dimensjonering av opplæringstilbodet må gje tydeleg informasjon og oversikt over tilgang på læreplassar innanfor ulike fagområde, dersom ein skal sikre at saka er tilstrekkeleg opplyst.

Fylkeskommunen har eit system for å bidra til at godkjente lærebedrifter tilbyr læreplassar. Fagopplæringskontoret går gjennom oversikta over godkjente lærebedrifter i VIGO ein gong i året, og kontaktar bedrifter som ikkje har lærlingar.

Samtidig blir det i undersøkinga peika på at oversiktene over lærebedrifter i VIGO ikkje er oppdaterte med omsyn til bedrifter som av ulike årsaker ikkje eksisterer lengre. Etter revisjonen si vurdering bør fylkeskommunen undersøke om det er mogleg å på ein systematisk måte sikre at listene er oppdaterte.

Undersøkinga viser vidare at fylkeskommunen har 23 læreplassar i eigen organisasjon. Dei fleste læreplassane i fylkeskommunen er å finne innanfor IKT servicefaget ved dei vidaregåande skulane. Når berre 14 av 48 vidaregåande skular tar imot lærlingar, meiner revisjonen at fylkeskommunen bør vurdere om det er mogeleg å auke talet på læreplassar i eigen organisasjon.

Oppfølging av lærlingar og lærebedrifter

Undersøkinga viser at Fagopplæringskontoret i fylkeskommunen i lang tid verken har hatt ressursar til eller prioritert systematisk og strukturert oppfølging av bedrifter og opplæringskontor i samsvar med «Mål, strategi og handlingsplan for fag- og yrkesopplæringa i Hordaland 2012-2015». Revisjonen meiner at fylkeskommunen bør etablere eit system som sikrar at alle opplæringskontor blir følgt opp jamleg. Dette er viktig for at fylkeskommunen skal ha kjennskap til i kva grad opplærings følgjer opp medlemsbedriftene, og i kva grad lærebedriftene etterlever dei krav som er stilt gjennom lov og forskrift.

Undersøkinga viser at fylkeskommunen ikkje har eit system for å følgje opp eller innhente systematisk rapportering frå lærlingane, til dømes om dei har opplæringsplan og har hatt halvårssamtale. Undersøkinga viser at fleire opplæringskontor har elektroniske system som dei nyttar for å følgje opp lærlingane. Slik kan opplæringskontora følgje med på om opplæringa i den enkelte bedrifta følgjer lovbestemte krav. Strategien til fylkeskommunen er å få fleire bedrifter med i opplæringskontor, slik at opplæringskontora kan følgje opp lærlingane og bedriftene. Revisjonen si vurdering er at det er føremålstenleg å arbeide for dette dersom ein skal sikre ei god oppfølging av lærlingane i fylket.

Av undersøkinga går det fram at Fagopplæringskontoret ikkje har hatt ressursar til å bearbeide resultat frå den årlege bedriftsrapporteringa i VIGO, og til å følgje opp bedriftene i etterkant av denne rapporteringa. Dette er etter revisjonen si vurdering ikkje tilfredsstillande, då det mellom anna kan føre til at brot på vilkåra for godkjenning av lærebedrifter ikkje blir avdekka. Revisjonen meiner det er viktig å arbeide for å sikre høg svarprosent i bedriftsrapporteringa. Etter revisjonen si vurdering bør dei innrapporterte svara frå undersøkinga inngå i informasjonsgrunnlaget til risikovurderingar som Fagopplæringskontoret bør gjere. Slike risikovurderingar bør leggjast til grunn for utval av lærebedrifter som skal følgjast nærmare opp med bedriftsbesøk.

Tilbod til lærekandidatar

I undersøkinga kjem det fram at mange elevar ikkje kjenner til lærekandidatordninga, og det blir vist til at enkelte har blitt rettleia til å nytte ordninga etter først å ha prøvd seg som lærling utan å lukkast. Revisjonen meiner dette er uheldig, og meiner det er viktig at fylkeskommunen sikrar at det blir gitt tilstrekkeleg informasjon om lærekandidatordninga.

Undersøkinga viser at det er gode erfaringar frå fylkeskommunen sitt prosjekt *Yrkesfagleg grunnutdanning*, der elevar som er tatt inn i vidaregåande skule på særskilte vilkår får trening og oppfølging i sosial kompetanse. Basert på erfaringar frå dette prosjektet har fylkeskommunen utarbeida ei rettleiing til skulane om korleis dei skal følgje opp lærekandidatane.

Fråfall og bortval i læretida

Undersøkinga viser at Hordaland har ein noko lågare prosentdel lærlingar som består fagprøve (88,6 %) enn gjennomsnittet i Vest-Noreg og Landet utanom Oslo. Fylkeskommunen har så langt ikkje lukkast med å nå målet om å forbetre gjennomføringa med minst 5 % årleg. Talet på heva lærekontraktar har vore rundt 250-260 kontraktar årleg dei siste åra. Av undersøkinga går det fram at det er få opplæringskontraktar som blir heva.

Over ein tredjedel av dei som hevar lærekontraktar opplyser ikkje om årsaka til det. For dei som opplyser om årsaka til heving er det flest som oppgir «personlege årsaker» som forklaring på hevinga.

Undersøkinga viser at Fagopplæringskontoret ikkje har klart å utarbeide oversikt over bedrifter med mange hevingssaker, og å ha ei aktiv oppfølging av desse bedriftene i samsvar med «Mål, strategi og handlingsplan for fag- og yrkesopplæringa i Hordaland 2012-2015». Revisjonen meiner fylkeskommunen bør prioritere dette arbeidet, og at listene bør inngå i det informasjonsgrunnlaget fylkeskommunen bør nytte når dei skal velje ut bedrifter for oppfølging og bedriftsbesøk.

Oppfølging av elevar som ikkje får lærekontrakt

På bakgrunn av dei opplysningar som har kome fram gjennom undersøkinga, er det revisjonen si vurdering at fylkeskommunen har tilfredsstillande system for å følgje opp elevar som ikkje har fått læreplass. Av undersøkinga går det fram at Fagopplæringskontoret prioriterer ressursar til å følgje opp elevar som ikkje får lærekontrakt, og å gje elevane eit alternativt tilbud. Ulike vg3 tilbod har blitt oppretta, og sjølv om det er ein høg prosentdel som ikkje består fagprøven ved desse tilboda, er det også døme på vellukka eittårig opplæring i samarbeid med eksterne bedrifter. Revisjonen meiner det er positivt at fylkeskommunen nyleg har inngått eit samarbeid med NAV og opplæringskontor for å gje tilskot slik at elevar kan få praksisperiode i bedrift. På denne måten kan dei vise seg kvalifisert for læreplass, sjølv om det enno er for tidleg å konkludere om korleis tiltaket fungerer.

Innhald

Samandrag	2
1. Innleiing	7
1.1 Bakgrunn	7
1.2 Føremål og problemstillingar	7
2. Metode	9
2.1 Dokumentanalyse	9
2.2 Intervju	9
2.3 Statistisk analyse	9
2.4 Verifiseringsprosessar	9
3. Revisjonskriterium	10
3.1 Fagopplæring og vidaregåande opplæring i bedrift	10
3.1.1 Godkjenning av lærebedrifter	10
3.1.2 Krav til innhald i opplæringa og faglege leiarar	11
3.1.3 Lærebedrifta sine rettar og plikter	11
3.1.4 Krav til rapportering frå lærebedrifta til fylkeskommunen	11
3.1.5 Oppgåvene til fylkeskommunen og yrkesopplæringsnemnda	11
3.2 Fylkeskommunale vedtak, mål og strategiar	13
3.2.1 Arbeid med fråfall og bortval	13
3.2.2 Oppfølging av lærlingar og opplæringskontor	14
4. Data	15
4.1 Organisering, roller og nøkkeltal	15
4.2 Oversikt over tilgang på læreplasser	16
4.2.1 System for at godkjende lærebedrifter tilbyr læreplassar	17
4.2.2 Fagområde med utfordringar knytt til dimensjonering	18
4.2.3 Fylkeskommunen sitt eige læreplasstilbod	18
4.3 Fleksible opplæringsløp	19
4.4 Tilbod til lærekandidatar	21
4.5 Rutinar for oppretting og godkjenning av læreplasser	22
4.5.1 Tap av godkjenning	23
4.6 Oppfølging av lærebedriftene	23
4.6.1 Instruktøropplæring	24
4.7 Oppfølging av lærlingar og lærekandidatar	24
4.7.1 Oppfølging i frittstående bedrifter	25
4.7.2 Oppfølging i opplæringskontor	25
4.7.3 Oppfølging av lærekandidatar og lærlingar med behov for tilrettelegging	26
4.8 Fråfall og bortval innanfor yrkesfag	27
4.8.1 Overgang mellom vidaregåande skule og læreplass	27
4.8.2 Stryk- og fråfallstal	28
4.8.3 Sluttårsaker ved heving av lærekontrakt	30
4.8.4 Oppfølging av lærlingar som har slutta	31
5. Vurderingar	32
5.1 Oppretting og godkjenning av læreplassar	32

5.1.1 Rutinar for godkjenning av lærebedrifter/ læreplassar	32
5.1.2 Rettleiing av lærebedrifter	32
5.1.3 Tilgang og behov for læreplassar	32
5.1.4 System for å bidra til at godkjente bedrifter tilbyr læreplassar	33
5.1.5 Oppfølging og kontroll med lærebedrifter	33
5.1.6 Elevplassar i eigen organisasjon	33
5.2 Tilbod til lærekandidatar	33
5.3 Fråfall og bortval i læretida	34
5.4 System og rutinar for oppfølging	34
5.5 Oppfølging av elevar som ikkje får lærekontrakt.....	35
6. Tiltrådingar	36
Vedlegg 1: Høyringsuttale	37
Vedlegg 2: Oversikt over sentrale dokument og litteratur	40

Tabellar

Tabell 1: Prosentdel elevar i yrkesfaglege utdanningsprogram eller studieretningar	16
--	----

Figurar

Figur 1: Prosentdel elevar og lærlingar som har bestått vidaregåande opplæring i løpet av normert tid	29
Figur 2: Prosentdel lærlingar som har beståtte fag- og sveineprøvar	29
Figur 4: Årsak til heving av lærekontrakt i 2012.....	31

1. Innleiing

Deloitte har gjennomført ein forvaltningsrevisjon av fagopplæring i Hordaland fylkeskommune. Prosjektet vart bestilt av kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune 11.02.2013 (sak 4/13), og er gjennomført i perioden mars til september 2013.

Oppdraget er utført i samsvar med gjeldande standard for forvaltningsrevisjon (RSK 001).

1.1 Bakgrunn

Bakgrunnen for forvaltningsrevisjonsprosjektet er plan for forvaltningsrevisjon 2012 – 2016, som er basert på overordna analyse. I samband med overordna analyse kom det fram at fleire peikar på fagopplæring som eit kritisk område. Mellom anna blei det peika på for få læreplassar og manglande oppfølging av lærlingar i læretida. Det blei også vist til at det ikkje er tilstrekkeleg bemanning til å utføre oppgåvene knytt til å følgje opp arbeidet med lærlingane.

Plan for forvaltningsrevisjon 2012 - 2016 blei vedteken av fylkestinget 12.06.2012. Prosjektet Forvaltningsrevisjon av fagopplæringa blei prioritert for gjennomføring i perioden.

1.2 Føremål og problemstillingar

Føremålet med prosjektet er å undersøkje om dei rutinar og system som fylkeskommunen har for oppfølging av lærlingar og lærebedrifter er tilfredsstillande og i samsvar med lover og reglar. Med utgangspunkt i desse føremåla er det utarbeidd følgjande problemstillingar som er undersøkt:

1. Har fylkeskommunen gode rutinar for oppretting og godkjenning av læreplassar?
 - a) Har fylkeskommunen system og rutinar for å sikre rettleiing og oppfølging av lærebedriftene?
 - b) Har fylkeskommunen oversikt over behov for og tilgang på ulike typar læreplassar?
 - c) Har fylkeskommunen system for å bidra til at godkjende lærebedrifter tilbyr læreplassar?
 - d) Har fylkeskommunen tilstrekkelege system for å føre kontroll med lærebedrifter?
 - e) I kva grad har fylkeskommunen tilbod om læreplassar i eigen organisasjon?
2. Har fylkeskommunen eit tilstrekkeleg tilbod til lærekandidatar (som får ein mindre omfattande fagprøve)?
3. I kva grad har ein utfordringar med at lærlingar og lærekandidatar ikkje fullfører læretida?

a) Kva er årsakene til at lærlingar/ lærekandidatar sluttar i løpet av læretida?

4. Har fylkeskommunen tilstrekkeleg med system og rutinar for oppfølging av lærlingar/lærekandidatar i læretida?

a) I kva grad blir rutinane for oppfølging av lærlingar/lærekandidatar følgt?

5. Har fylkeskommunen gode system for oppfølging av elevar som ikkje får lærekontrakt?

2. Metode

2.1 Dokumentanalyse

Ulike dokument er brukt som bakgrunnsdata, revisjonskriterium og faktagrunnlag i undersøkinga. Dette gjeld mellom anna lover og lovforarbeid, rettleiarar, mål og strategidokument for vidaregåande opplæring i Hordaland, relevante vedtak, årsmeldingar og tilstandsrapporter for vidaregåande opplæring dei siste åra, relevante informasjonsbrev og skjema, utvalte fylkeskommunale rutinar knytt til fagopplæring, og tilgjengeleg informasjon på fylkeskommunen sine nettsider knytt til fagopplæring.

2.2 Intervju

Revisjonen har gjennomført to intervju med leiinga ved fagopplæringskontoret i fylkeskommunen. Revisjonen har vidare gjennomført intervju med leiar i Yrkesopplæringsnemnda, og tre tilsette ved tre opplæringskontor som har ansvar for lærlingar. I tillegg har det bli gjennomført intervju med rektor ved ein vidaregåande skule.

Revisjonen har i tillegg gjennomført avklaringar per telefon og e-post med Fagopplæringskontoret.

2.3 Statistisk analyse

Revisjonen har nytta føreliggjande statistikk frå KOSTRA og innhenta statistikk frå fylkeskommunen som baserer seg på tal frå VIGO databasen.

2.4 Verifiseringsprosessar

Oppsummering av intervju er blitt sendt til intervjuobjekta for verifisering og det er informasjon frå dei verifiserte intervjureferata som er nytta i rapporten.

Høyringsutkast til rapport er sendt til fylkesrådmannen for verifisering og uttale. Fylkesrådmannen sin uttale er lagt ved rapporten.

3. Revisjonskriterium

Innsamla data er vurdert opp mot revisjonskriterium i form av lover, anna regelverk og relevante fylkeskommunale vedtak og retningslinjer. Kriteria er utleia frå autoritative kjelder i samsvar med krava i gjeldande standard for forvaltningsrevisjon.¹

3.1 Fagopplæring og vidaregåande opplæring i bedrift

Fagopplæringa er i hovudsak regulert gjennom opplæringslova og forskrift til opplæringslova.

§ 4-1 i opplæringslova definerer kven som er lærling og lærekandidat slik:

«Lærling er (...) den som har skriva ein lærekontrakt med sikte på fagprøve eller sveineprøve i fag som har læretid etter forskrifter gitt med heimel i § 3-4. Lærekandidat er (...) den som har skriva ein opplæringskontrakt med sikte på ei mindre omfattande prøve enn fag- eller sveineprøve.»

Fagopplæringa for lærlingar omfattar vanlegvis to års opplæring i skule og eit års opplæring i bedrift. Når opplæring i bedrift blir kombinert med verdiskaping i bedrifta, kan opplæringa strekkje seg over to år (jf. Oppl. § 3-3). Det er mogleg å ta fag- og sveineprøva på grunnlag av allsidig praksis i faget som er 25 prosent lengre enn den fastsette læretida. Det er fylkeskommunen som avgjer om den praksisen kandidaten viser til, kan godkjennast, og fylkeskommunen kan i særlege tilfelle godkjenne kortare praksis (jf. Oppl. § 3-5).

3.1.1 Godkjenning av lærebedrifter

Kapittel 4 i opplæringslova omhandlar vidaregåande opplæring i bedrift. I § 4-3 går det fram krav om at bedrifter som tek på seg opplæring av ein eller fleire lærlingar eller lærekandidatar, må vere godkjende av fylkeskommunen. Det går vidare fram at private og offentlege verksemder og organ for samarbeid mellom bedrifter, som i fellesskap tek på seg opplæringsansvar (opplæringskontor eller opplæringsring), kan godkjennast som lærebedrift.

Det går vidare fram av § 4-3 at lærebedrifta må vere fagleg vurdert av yrkesopplæringsnemnda før fylkeskommunen kan godkjenne bedrifta. Fylkeskommunen skal leggje avgjerande vekt på den faglege vurderinga frå yrkesopplæringsnemnda før endeleg vedtak blir gjort.

I § 4-3 går det også fram at dersom eit opplæringskontor eller ein opplæringsring skal bli godkjend, må dei enkelte bedriftene som inngår i opplæringskontoret eller opplæringsringen, vere godkjende av fylkeskommunen. Der samansetjinga av opplæringskontoret eller opplæringsringen endrar seg, skal dei melde frå til fylkeskommunen, som skal vurdere godkjenninga på ny.

Når det gjeld tap av godkjenning går det fram av § 11-5 i forskrift til opplæringslova at fylkeskommunen kan dra attende godkjenninga av lærebedrift dersom bedrifta ikkje lenger oppfyller krava i opplæringslova eller forskrifta. Det går vidare fram at lærebedrifta må ha ny

¹ RSK 001, standard for forvaltningsrevisjon

godkjenning dersom det er gått meir enn to år frå siste avslutta lærekontrakt eller opplæringskontrakt.

3.1.2 Krav til innhald i opplæringa og faglege leiarar

Av opplæringslova § 4-3 går det fram at ei lærebedrift må kunne gje ei opplæring som tilfredsstillar krav til innhald i opplæringa. Innhaldet i opplæringa går fram av læreplanar for dei enkelte faga. Det går vidare fram at der lærebedrifta er eit opplæringskontor eller ein opplæringsring, skal dei samarbeidande bedriftene dokumentere at dei samla tilfredsstillar krava i forskriftene etter § 3-4 om innhaldet i opplæringa.

Opplæringskontoret må vidare ha føresegner som fastset tilhøvet mellom kontoret og medlemsbedriftene. Opplæringsringen må ha føresegner som fastset tilhøvet mellom dei samarbeidande bedriftene. Føresegnene skal fastsetje kva den enkelte bedrifta skal gje av opplæring, og delinga av tilskotet mellom bedriftene (jf. Oppl § 4-3).

Opplæringslova stiller også krav til at lærebedriftene skal ha ein eller fleire fagleg kvalifiserte personar (fagleg leiar) som har ansvaret for opplæringa, og som skal sjå til at opplæringslova med forskrifter blir oppfylt. Kvar enkelt bedrift skal ha ein eller fleire instruktørar som står for opplæringa av lærlingane og lære kandidatane (jf. Oppl § 4-3).

3.1.3 Lærebedrifta sine rettar og plikter

Opplæringslova § 4-4 omhandlar kva rettar og plikter lærebedrifta har: «*Lærebedrifta pliktar å leggje til rette produksjonen og opplæringa slik at lærlingen og lære kandidaten kan nå måla i den fastsette læreplanen.*»

Det går vidare fram av § 4-4 at dersom lære kandidaten har krav på spesialundervisning etter kapittel 5 i opplæringslova, skal det utarbeidast individuell opplæringsplan (jf. § 5-5, 1. ledd). Lærebedrifta skal også utarbeide ein intern plan for opplæringa, for å sikre at lærlingen eller lære kandidaten får ei opplæring som tilfredsstillar krava i læreplanen, eventuelt den individuelle opplæringsplanen. I § 4-4 står det også at om delar av opplæringa skal givast av andre enn lærebedrifta, skal lærebedrifta leggje til rette for dette.

I § 3-14 i forskrift til opplæringslova står det at halvårsvurdering er ein del av undervegs vurderinga for lærlingar og lære kandidatar. Halvårsvurderinga er utan karakter og skal beskrive kompetansen til lærlingen eller lære kandidaten i forhold til kompetansemåla i læreplanverket. Halvårsvurderinga skal også gje rettleiing om korleis lærlingen eller lære kandidaten kan auke kompetansen sin i faget. Av den same regelen går det fram at instruktøren skal gjennomføre halvårsvurderinga.

3.1.4 Krav til rapportering frå lærebedrifta til fylkeskommunen

I § 11-3 i forskrift til opplæringslova står det at lærebedrifta pliktar å gje den informasjon som fylkeskommunen krev for å kunne vurdere om godkjenning skal givast eller vidareførast, og for å kunne fastsetje og utbetale tilskot. Det står vidare at lærebedrifta skal medverke til å etablere administrative system, og innhente statistiske og andre opplysningar som trengst for å vurdere tilstanden og utviklinga innanfor opplæringa.

3.1.5 Oppgåvene til fylkeskommunen og yrkesopplæringsnemnda

§ 4-8 i opplæringslova skildrar oppgåvene til fylkeskommunen knytt til fag- og yrkesopplæringa. Her står det mellom anna at fylkeskommunen har eit ansvar for å rettleie og følgje opp bedriftene, samtidig som dei skal kontrollere at bedriftene fyller krava for godkjenning:

« (...) I samband med godkjenning av lærebedrifter skal fylkeskommunen rettleie og følge opp bedriftene, i tillegg til å kontrollere at den enkelte bedrifta fyller krava for å få godkjenning.»

Yrkesopplæringsnemnda blir oppnemnd med fleirtal frå partane i arbeidslivet og minst ein representant for elevar, lærlingar eller lærekandidatar. Oppgåvene til yrkesopplæringsnemnda går fram av § 12-4 i opplæringslova. Her står det at yrkesopplæringsnemnda skal fremje behov hjå og synspunkt frå arbeidslivet ovanfor fylkeskommunen når det gjeld godkjenning av lærebedrifter og tap av godkjenning, og om fylkeskommunen sitt kvalitetssystem for fag- og yrkesopplæringa. Yrkesopplæringsnemnda skal også arbeide for best mogleg dimensjonering av den vidaregåande opplæringa, og gje fylkeskommunen råd om tiltak i samband med den årlege fastsetjinga av tilbodet.

I opplæringslova § 4-8 står det at fylkeskommunen skal leggje fram for yrkesopplæringsnemnda saker som har betydning for fag- og yrkesopplæringa, før fylkeskommunen gjer vedtak i saka. Når det gjeld saker om godkjenning av lærebedrifter, tap av godkjenningar og kvalitetssystemet for fag- og yrkesopplæringa, skal desse alltid leggjast fram for nemnda.

Opplæringslova slår fast at fylkeskommunen skal leggje vekt på det yrkesopplæringsnemnda har vedteke eller uttalt når saker som gjeld fag- og yrkesopplæringa blir avgjort. I samband med godkjenning av lærebedrift eller vedtak om tap av godkjenning skal fylkeskommunen leggje avgjerande vekt på den faglege vurderinga frå yrkesopplæringsnemnda (jf. Oppl. § 4-8).

Av § 12-4 går det fram at yrkesopplæringsnemnda kan gje fylkeskommunen fullmakt til å gjere den faglege vurderinga av bedrifter, eller til å utføre andre oppgåver som etter lov eller forskrift er lagde til yrkesopplæringsnemnda.

Yrkesopplæringsnemnda i Hordaland vedtok i møte den 12.12.07 «*Retningslinjer for fagleg vurdering av bedrifter og opplæringskontor.*» I same vedtak bestemte også Yrkesopplæringsnemnda å gi fylkesrådmannen delegert fullmakt til å gjere den faglege vurderinga i samband med godkjenninga av bedrifter. Denne vurderinga skal gjerast i samsvar med retningslinjene som blei vedteke.

Av retningslinjene går det fram at det i den faglege vurderinga mellom anna skal det leggjast vekt på følgjande forhold:

«1. Lærebedrifta må ha slik verksemd, slikt utstyr og personale at ho kan gje opplæring som tilfredsstillar krava i læreplanen, krava i forskrifter etter § 3-4 i opplæringslova om innhaldet i opplæringa, og krava som opplæringslova stiller til lærebedrift. Dersom lærebedrifta ikkje har tilstrekkeleg kvalifisert personale, aktivitet eller utstyr til å kunna gje opplæring i samsvar med læreplanen, kan bedrifta inngå samarbeid med andre bedrifter om opplæringa.

2. Lærebedrifta skal ha ein eller fleire fagleg kvalifiserte personar (fagleg leiar) som har ansvaret for opplæringa, og sjå til at opplæringslova vert oppfylt. Fagleg leiar må som hovudregel ha relevant fag- eller sveinebrev. Ved opplæring i små fag, nye fag, eller i heilt spesielle høve, kan ein som ikkje har fag- eller sveinebrev, godkjennast som fagleg leiar (jfr. Rundskriv F.21-95).

(...)

4. Lærebedrifta skal utvikle ein intern plan for opplæringa for å sikra at lærlingen og lærekandidaten får opplæring som tilfredsstillar krava i læreplanen.

5. Ein eller fleire representantar for arbeidstakarane skal saman med den eller dei faglege leiarane jamleg sjå til at lærebedrifta følgjer pliktene etter opplæringslova.

(...))»

3.2 Fylkeskommunale vedtak, mål og strategiar

Fylkesutvalet i Hordaland fylkeskommune vedtok i 2011 dokumentet «Mål-, strategi og handlingsplan for fag- og yrkesopplæringa i Hordaland 2012- 2015».² Av dette dokumentet går det fram at administrasjonen i fylkeskommunen mellom anna skal:

- Utvikle metodar for å analysere arbeidslivet sine behov for fagkompetanse.
- Gjere bruk av ulike opplæringsmodellar, som også omfattar lærekontraktar eller opplæringskontraktar som inneheld unntak frå den ordinære opplæringsordninga.
- Setje i verk marknadsføringstiltak slik at det blir gitt informasjon om unntak frå den ordinære opplæringsordninga.
- Arbeide for å betre kompetanseoppnåing og redusere fråfallet i fag- og yrkesopplæringa.

Det går også fram av mål-, strategi og handlingsplanen at:

«Samarbeidet mellom Opplæringsavdelinga, OT/PPT og NAV må vidareutviklast med sikte på å kunna leggja til rette for fleksible opplæringsløp. (...) Mogelegheitene for fleksibilitet og individuell tilpassing i dei ulike opplæringsmodellane må utnyttast betre.»

Mål-, strategi og handlingsplanen omtaler også ei rekkje tiltak som administrasjonen skal sette i verk knytt til å styrke fokuset på alternative opplæringsløp.

3.2.1 Arbeid med fråfall og bortval

Av mål-, strategi og handlingsplanen går det vidare fram at seksjon for fagopplæring aktivt skal følgje opp prosjektet «NY GIV». Dette inneber at kontoret må ha oversikt over om den ein skilde søkjar har fått læreplass, er i annan jobb eller er utan tilbod. Oversikt over dei som står utan tilbod må sendast over til OT/PPT seinast innan 15. september.

Målet er at «Gjennom dei neste fire åra skal gjennomføringa innan fagopplæring forbetrast med minst 5% årleg ved å satsa på betre opplæring av instruktørar og bedrifter og betre oppfølging av lærlingar og bedrifter.»

Når det gjeld formidling av lærlingar går det fram av mål-, strategi og handlingsplanen at Opplæringsavdelinga etter innspel frå Fagopplæringskontoret innan 15. juni kvart år skal utarbeide ein plan slik at fylkeskommunen kan vere førebudd på å gje elevar tilbod om sluttopplæring i skule.

Det går også fram at fylkeskommunen skal registrere alle hevingar (også dei med semje) for å få betre oversikt over hevingssaker. Fagopplæringskontoret må i følgje mål-, strategi og handlingsplanen setje i verk tiltak retta mot bedrifter og opplæringskontor for å få ei slik ordning etablert.

Det blir også stilt krav om at Fagopplæringskontoret kvart år innan utgangen av desember skal lage statistikk over hevingssakgrunnar, samt oversikt over lærebedrifter «som går igjen» ved heving

² Vedtaket er datert 22.09.2011.

av lære-/ opplæringskontraktar. Dei bedriftene det gjeld skal aktivt følgjast opp ved besøk frå Fagopplæringskontoret.

I mål-, strategi og handlingsplanen er det lagt opp til at Fagopplæringskontoret skal setje i verk tiltak for å avgrense talet på heva kontraktar. Det går fram av planen at: «*Dette kan m.a. gjerast ved at ein kjapt "rykkjer ut" om vi får opplysningar frå bedrift eller lærling om forhold me kan gå inn i og vera med på løysa.*»³

Det går også fram at fylkeskommunen skal setje i verk tiltak for å redusere strykprosenten på fag- og sveineprøvar med 5% kvart år. Satsingsområde vil på dette området vere:

- «Sterkt fokus på gjennomføringa av opplæringa i heile det 4-årige opplæringsløpet (både i skule og bedrift).
- Opplæring av instruktørar, prøvenemnder og bedrifter.
- Betre informasjon om kravet til dei einskilde kompetansemåla i læreplanen.
- Betre informasjon om lærlingeordninga.»

3.2.2 Oppfølging av lærlingar og opplæringskontor

Det går fram av fylkeskommunen sin handlingsplan at «*Alle opplæringskontor med adresse i Hordaland skal følgjast opp ved besøk frå Fagopplæringskontoret minst ein gong i året.*»⁴⁵ Det går vidare fram at fylkeskommunen då også må besøkje bedrifter og snakke med lærlingar for å få innsyn i opplæringa som blir gitt og kvaliteten av denne.

Vidare går det fram at målet for Fagopplæringskontoret er å følgje opp om lag 100 enkeltstående bedrifter årleg. I tillegg skal Fagopplæringskontoret ha ei beredskapsordning for å rykkje ut om ein får opplysningar om dårleg opplæring, opplæringsmiljø eller andre forhold det må takast tak i.

³ Mål- strategi og handlingsplan for fag og yrkesopplæringa i Hordaland 2012 – 2015, pkt 3.3.2

⁴ Ibid. 3.3.4

⁵ Av Årsrapport 2012- Fagopplæringskontoret går det fram at det er 43 opplæringskontor i fylket.

4. Data

4.1 Organisering, roller og nøkkeltal

Yrkesopplæringsnemnda er eit rådgjevande organ for fylkeskommunen i saker som vedkjem fag- og yrkesopplæringa. Yrkesopplæringsnemnda har mellom anna medlemmer frå NHO, LO og politikarar i fylkeskommunen, samt elev/lærlingrepresentant.


Fagopplæringskontoret er ein av fire seksjonar i Opplæringsavdelinga i Hordaland fylkeskommune. Kontoret har 26 tilsette, fordelt mellom eit kontor i Norheimsund (1 stilling/1 person), eit kontor på Stord (3,5 stillingar/4 personar) og hovudkontor i Bergen. Stordkontoret har ansvar for heile Sunnhordland, og kontoret i Norheimsund har ansvar for Voss/ Hardanger. Denne arbeidsdelinga er basert på at fylkeskommunen har lagt vekt på nærleik til bedriftene i arbeidet med fagopplæringa. Regionskontora følgjer opp lærlingar og bedrifter i sine regionar, og har alle oppgåver knytt til godkjenning av lærekontraktar, oppmelding til fagprøvar og oppfølging av bedrifter/ lærlingar m.v. Tekniske system som blir nytta i heile fylket blir følgt opp og halde ved like ved hovudkontoret i Bergen.

Hovudkontoret i Bergen har to faggrupper som blir leia av kvar sine gruppeleiarar (utan personalansvar). Den eine gruppa godkjenner bedrifter og arbeider med formidling av læreplassar mv. Den andre gruppa har ansvar for fagprøvar, for å vurdere praksisen til praksiskandidatar og for å skrive ut fagbrev/ vitnemål mv. Revisjonen får opplyst at Fagopplæringskontoret i Bergen i tillegg har ein stor merkantil stab knytt til kontoret.

I intervju blir det peika på at Fagopplæringskontoret er eit kontor der ein er orientert mot driftsoppgåvene. Kontoret handsamar om lag 2300 nye lærekontraktar i året. Vidare er det nesten 3000 oppmeldingar til fag- og sveineprøvar kvart år. Revisjonen får opplyst at desse oppgåvene genererer mykje papirarbeid, og at dokument knytt til mellom anna lærekontraktar, oppmeldingar og dokumentasjon som gjeld klagesaker, er arkivert ved Fagopplæringskontoret. Fylkeskommunen er i ferd med å innføre nytt elektronisk arkivsystem, og det blir vist til at dette kan redusere mengda av papir som blir arkivert ved kontoret. Likevel vil arkivarbeidet framleis krevje ressursar.

KOSTRA-tal for dei siste tre åra viser at litt over halvparten av elevane i vidaregåande opplæring tek yrkesfaglege utdanningsprogram. Hordaland har dei siste åra hatt ein rimeleg stabil prosentdel elevar i yrkesfaglege utdanningsprogram:

Tabell 1: Prosentdel elevar i yrkesfaglege utdanningsprogram eller studieretningar



Nettstaden *vilbli.no* gir oversikt over opplæringskontor og lærebedrifter i fylket. Nettstaden er ikkje oppdatert for Hordaland fylkeskommune, og gir per september 2013 ikkje oversikt over alle opplæringskontor og lærebedrifter i Hordaland. Fylkeskommunen sine egne nettsider gir informasjon om godkjente lærebedrifter som kan ta inn lærlingar. På nettsida blir det opplyst at oversiktene blir oppdaterte kvar veke.

VIGO er ein kommunikasjonsnettstad mellom lærebedrifter, opplæringskontor og fylkeskommunar. Her finst informasjon om formidling av lærlingar, lærekandidatar, kontraktstilhøve, tilskot og rapportering. Bedrifter og opplæringskontor kan her sjå og endre eigne person- og bedriftsdata. Elevar søkjer skule- og læreplass gjennom VIGO og fylkeskommunen lagrar data om den enkelte elev og lærling og alle unge med ungdomsrett i systemet.

Av *Årsrapport 2012 – Fagopplæringskontoret* går det fram at det er 43 opplæringskontor i fylket, der fleire bedrifter har gått saman for å samordne inntak og opplæring av lærlingar/lærekandidatar. Av same årsrapport går det fram at det i fylket er om lag 2000 godkjente lærebedrifter som samla har over 4000 lærlingar. I årsrapporten står det vidare at 68 % av lærekontraktane er inngått med bedrifter som er tilknytt eit opplæringskontor. Dette betyr at det anslagsvis er om lag 1400 lærekontraktar som er knytt til frittstående bedrifter og ikkje til opplæringskontor. Andelen lærebedrifter og lærekontraktar som er knytt til opplæringskontor, blir i intervju opplyst å vere stigande.

I 2012 takka 48 elevar ja til tilbod om vg3 opplæring i skule i staden for læreplass. Fylkeskommunen hadde vg3 tilbod i skule innan kjole- og draktsyarfaget, landbruksmaskinmekanikarfaget, elektrikarfaget og industrimekanikarfaget.

4.2 Oversikt over tilgang på læreplasser

I desember kvart år handsamar fylkestinget tilbodsstruktur og elevplassar i vidaregåande opplæring, etter at Yrkesopplæringsnemnda har gitt råd om fordeling av elevplassar innanfor yrkesfaga. Yrkesopplæringsnemnda opplever at deira faglege råd i liten grad blir følgt opp. Frå Yrkesopplæringsnemnda blir det vist til at det blir gitt råd om å opprette tilbod og klassar innanfor enkelte fagområde fordi det innanfor desse fagområda er tilgang på mange læreplassar. Elevplassar blir likevel ikkje oppretta fordi ungdom ikkje vil søke på plassane. Tilsvarande har

nemnda gitt råd om å ikkje opprette elevplassar eller redusere talet på elevplassar innanfor område der det ikkje er læreplassar.

I intervju blir det peika på at det er ei utfordring at ein ikkje vil opprette klassar i fag som det ikkje er søkjarar til, fordi ein dermed heller ikkje får fram elevar som kan vere aktuelle søkjarar til fagområdet. Det blir også peika på at det er vanskeleg å rekruttere unge til eit fagområde som det ikkje er oppretta klassar for, sjølv om det kan vere god tilgang på læreplassar innanfor faget.

Det er inntakskontoret ved Opplæringsavdelinga som legg fram endeleg forslag til fordeling av elevplassar i dei vidaregåande skulane.⁶ I saksframlegget blir det tatt utgangspunkt i søkjartala til ulike fag og det går fram av saksframlegget at fylkeskommunen i hovudsak har følgd skulane sine tilrådingar i saka. Det går vidare fram av saksframlegget at: *«Når fylkesrådmannen gjer andre framlegg er dette bygd på ei samla vurdering av primær-/sekundærsøkjartal, forventa oppfylling av klassar og økonomi for skolane ved å oppretthalde tilbod med svakt elevgrunnlag».*

Yrkesopplæringsnemnda meiner at saksframlegget for politisk handsaming også bør opplyse om kor mange læreplassar det er tilgjengeleg innanfor dei ulike faga ein tilbyr ved skulane. Dette kan bidra til ei synleggjering av kor mange av elevane som kan vente seg læreplass, og eventuelt innanfor kva fag ein må rekne med at det blir vanskeleg for alle å få læreplassar.

Fleire av dei som er intervju peikar på at det er behov for at Fagopplæringskontoret får betre oversikt og oppdaterte lister over bedrifter som tilbyr læreplassar og kor mange lærlingar dei vil ta inn kommande skuleår. Frå Yrkesopplæringsnemnda blir det gitt uttrykk for at Fagopplæringskontoret bør gjennomføre ei meir reell kartlegging av kva læreplassar som er tilgjengelege komande år. Det blir også vist til at Fagopplæringskontoret og Opplæringsavdelinga elles kan bli betre koordinert i arbeidet knytt til korleis tilbodet i vidaregåande opplæring skal utformast.

Fleire av dei som er intervju peikar på at mange politikarar kjempar for tilbod, fag og klassar ved skular i sitt distrikt. Fagopplæringsjefen viser til at sidan fylket har 46 vidaregåande skular spreidd over eit stort område, samtidig som alle ønskjer tilbod om læreplass på sin heimstad, er det krevjande å dimensjonere opplæringstilbodet innanfor yrkesfaglege utdanningsprogram riktig. Erfaringa har vore at mobiliteten til ungdom er liten. Det gjeld både at ungdom ikkje ønskjer å flytte vekk i læretida, og at bedriftene ønskjer lokale folk som lærlingar i bedriftene.

Revisjonen har fått opplyst at fylkeskommunen tidlegare har sendt ut brev til godkjente lærebedrifter med spørsmål om talet på læreplassar dei kan tilby kommande år, men det har vore svært varierende kor grundige tilbakemeldingar bedriftene har gitt eller om Fagopplæringskontoret i det heile tatt har fått svar. Fagopplæringskontoret har også dialog med opplæringskontora om dette, men opplyser at det også varierer kva informasjon opplæringskontora får frå bedriftene.

Frå Fagopplæringskontoret får revisjonen opplyst at dei no stipulerer kor mange læreplassar det er forventa at bedriftene vil tilby, basert på tal som viser kor mange lærlingar bedriftene har tatt inn tidlegare. Fagopplæringskontoret opplyser også at dei har god oversikt over kva fag som ikkje har vg2 kurs. Dette er gjerne fag der elevplassane er lagt ned over tid fordi elevane ikkje har søkt seg til faga.

4.2.1 System for at godkjende lærebedrifter tilbyr læreplassar

I VIGO er det ei oversikt over lærebedrifter. Fagopplæringskontoret opplyser at dei går gjennom oversikta over godkjente lærebedrifter i VIGO ein gong i året, og ser etter om nokon av bedriftene

⁶ «Prognoseinntaket for skuleåret 2013/2014. Justering av tilbodsstruktur og elevtal.» sak i Fylkesutvalet 24.05.2013.

manglar lærlingar. Bedriftene som eventuelt ikkje har lærlingar får eit brev frå Fagopplæringskontoret, der dei blir spurt om dei framleis vil stå oppført som lærebedrift. Om ei bedrift ikkje har hatt lærling de siste to åra, vil den miste godkjenninga som lærebedrift. Frå Fagopplæringskontoret blir det opplyst at det er inngått 2500 intensjonsavtalar med ulike bedrifter knytt til lære plassar. Dette vil sei at allereie godkjente lærebedrifter har gitt ei tilbakemelding på at dei vil ta inn lærlingar i framtida.

Dei som skal søke lære plass finn oversikt over godkjente lærebedrifter på www.hordaland.no Søkjarar kan kontakte moglege lærebedrifter direkte med det føremål å få i stand avtale om lære plass. Dei som søker lære plass skal også søkje om dette gjennom VIGO anten dei allereie har inngått avtale om lære plass med bedrift eller ikkje. I intervju blir det peika på at det er ei utfordring at oversikta over lærebedrifter ikkje er oppdatert. Mellom anna er det bedrifter på listene som har endra namn, er lagt ned eller kjøpt opp av andre bedrifter. Dette fører til at søkjarar kan komme til å bruke tid på å kontakte bedrifter som ikkje finst med det føremål å få i stad avtale om lære plass, og det kan ta tid før dette blir oppdaga. Det blir peika på at feil i oversiktene også kan bidra til å gje eit feilaktig bilete av kor mange lære plassar det er innanfor enkelte fag i ein region.

4.2.2 Fagområde med utfordringar knytt til dimensjonering

I intervju blir det opplyst at kjole- og draktsyarfaget og bilfaget er utdanningsprogram som over tid har produsert mange fleire elevar enn det er mogleg å finne lære plassar til. Det kan opprettast tilbod på VG3, men dette medfører då ei utfordring for desse ungdommane når dei skal skaffe seg arbeid etter at dei er ferdige med utdanninga, sidan det også er for få arbeidsplassar innanfor faget.

Revisjonen får opplyst at fleire fag også manglar lærlingar. Dette gjeld restaurantbransjen og enkelte fag i byggebransjen (som betong, murar og malar). I intervju blir det vist til at noko av dette kan ha samband med at mange andreårskurs er slått saman etter «Kunnskapsløftet», og prosjekt til fordjuping er innført. På byggteknikk andre året kan elevane no fordjupe seg innanfor tømrrar, betong, stilas, murar mv., men over 90 % av lærarane på faget er tømrrarar. Dette kan være med på å forsterke skeivfordelinga der flest vel fordjuping i tømrraryrket. Det blir i intervju også peika på at oljeindustrien har svært stor etterspurnad etter arbeidskraft, og at det manglar arbeidskraft innanfor mekaniske fag, industriteknologi eller industrimekanikar.

4.2.3 Fylkeskommunen sitt eige læreplasstilbod

Revisjonen har fått opplyst at fylkeskommunen for tida har 23 lære plassar i eigen organisasjon, for det meste i dei vidaregåande skulane. 14 av 46 vidaregåande skular tilbyr lære plassar. Desse lære plassane er hovudsakleg innanfor IKT servicefaget. Fylkeskommunen har også nokre lærlingar i fag som tømrrar, institusjonskokk og barne- og ungdomsarbeidar. Fylkeskommunen har to lærlingar innanfor IKT i sentraladministrasjonen, og ein lærling på Fagopplæringskontoret. I intervju blir det peika på at fylkeskommunen bør kunne tilby fleire lære plassar og opplæringsplassar, særleg i sentraladministrasjonen.

4.3 Fleksible opplæringsløp

På fylkeskommunen sine nettsider for fagopplæring, under informasjon til lærlingar, er følgende modell nytta for å skildre kva utdanningsløp som er mogleg for å få fagbrev:



Figuren viser ulike kombinasjonar av skule og læretid som er mogleg for å få fagbrev. Det går også fram at lærekandidatordninga og praksis/arbeidserfaring kan inngå i grunnlaget til fagbrev.

Frå yrkesopplæringsnemnda og frå opplæringskontor blir det peika på at det er viktig å marknadsføre dei alternative opplæringstilboda, og sørkje for at dei er moglege å søkje på for 10. klassingar. Frå yrkesopplæringsnemnda blir det vist til at det ikkje blir godt nok formidla til elever og foreldre kva alternative opplæringsløp som finst, og at desse tilboda burde blitt gjort søkbare for 10. klassingar.

Frå Fagopplæringskontoret blir det gitt uttrykk for at ein i Hordaland fylkeskommune er flinke på å vere fleksible med omsyn til opplæringsløp. Revisjonen får opplyst at om lag 470 nye lærekontraktar i 2012 følgjer eitt år i skule og tre år i lære (1+3) eller ingen år i skule og fire år i lære (0+4), i staden for to år i skule og to år i lære (2+2), som er den vanlege modellen.

Fagopplæringskontoret opplyser at med unnatak av TAF-ordninga⁷ der elevar oppnår både fagbrev og studiekompetanse etter fire år, er dei fleksible opplæringsløpa ikkje søkbare, og det er heller ikkje planar om å gjere dei søkbare med det første. Årsaken til dette er mellom anna at det er svært mange fag å velje mellom (over 100) innan yrkesfag. Det blir vist til at det derfor er krevjande for rådgjevarar på ungdomskulen å gi god rettleiing om faga, og det vil vere krevjande for elevane å gjere gode val. Når det likevel er mange som følgjer alternative opplæringsløp er dette mellom anna knytt til at bransjar som slit med rekruttering ønskjer lærlingar etter fullført vg1. Vidare er det bedrifter som rekrutterer elevar rett frå vg1 etter å ha blitt kjent med vedkomande gjennom utplassering i faget prosjekt til fordjuping

Revisjonen har fått opplyst at Hordaland fylkeskommune har valt å vere fleksible i slike tilfelle der elevar ønskjer og har fått tilbod om å begynne i lære etter vg1. I andre tilfelle vel fylkeskommunen å vere fleksible dersom det er elevar som av pedagogiske årsaker kan ha nytte av å komme tidleg ut i lære. Frå Fagopplæringskontoret blir det opplyst at det nok er stor variasjon mellom dei

⁷ Tekniske allmenne fag

ulike fylkeskommunane med omsyn til kor fleksible dei er når det gjeld å tillate alternative opplæringsløp. I Hordaland meiner Fagopplæringskontoret at det er viktig å vere fleksible dersom lærlingar og bedrifter har ønskje og/eller behov for dette.

Frå Fagopplæringskontoret blir det vidare peika på at opplæringsløp der elevane går tidleg ut i lære må sjåast i samheng med dimensjoneringa av opplæringstilbodet, både fordi skular kan miste elevgrunnlag, men også fordi det totalt sett blir færre læreplasser tilgjengeleg.

Innanfor helsearbeidarfaget sluttar mange elevar etter vg2 og tar påbygg for å få studiekompetanse i staden. Av dei som tek fagbrev er det mange som strevar med å få fulle stillingar når dei skal i jobb etterpå. For byggebransjen har det vore viktig å få elevane raskare ut frå skulen og inn i bedrift for å ikkje miste dei som har utfordringar knytt til teori. To skular i Hordaland prøver ut eit alternativt opplæringstilbod som er kalla *vekslingsmodellen* innanfor bygg- og anleggsgfag (tømrrar) og helse- og oppvekstfag (helsefagarbeidar og barne- og ungdomsarbeidar). Dette opplæringstilbodet er retta mot ungdom som veit at dei ønskjer å utdanne seg innan desse faga. Av intervju går det fram at Yrkesopplæringsnemnda har arbeidet for denne modellen og at mange er svært positive og har forventningar til denne modellen.

Vekslingsmodellen medfører at elevane først har eit halvt år i skule. Frå andre halvår vil elevane veksle mellom å vere i lære i bedrift og å ha blokkundervisning på skulen. Etter to år kan elevane innan helse- og oppvekstfag velje om de vil ta meir teori slik at dei får studiekompetanse i tillegg til fagbrevet, som dei vil få etter fire år. Lærlingane får løn allereie frå andre halvår, og i intervju blir vist til at dette kan bidra til at fleire held fokus på opplæringa og i mindre grad har arbeid ved sidan av skulen.

Ein annan fordel med vekslingsmodellen, som det blir peika på når det gjeld helsearbeidarfaget, er at ein unngår fråfall etter VG2 ved at mange vel å ta påbygg for å få studiekompetanse. Ein del ungdommar fell frå påbygg og oppnår ikkje studiekompetanse fordi de stryk i eit eller fleire fag. Med vekslingsmodellen blir det meir sannsynleg at dei i alle fall får fagbrev. Det blir vist til at dette er viktig sidan omsorgssektoren har stort behov for arbeidskraft.

Frå Yrkesopplæringsnemnda blir det vist til at alternative opplæringsløp som vekslingsmodellen bidrar til å styrke kontakten med bedriftene. Dimensjoneringa av opplæringstilbodet skjer meir direkte sidan den som tar faget normalt også har læreplass, og dette sikrar også at klasser blir lagt til skular som er nær det næringslivet som etterspør og lærer opp lærlingane.

Vekslingsmodellen blir framheva som ein god modell også fordi det er ein måte å sikre at ungdom får fagbrev, utan at krava til teoretisk kunnskap og moglegheitene for å gå vidare mot høgare utdanning blir redusert. Det blir vist til at kombinasjonen av praktisk og teoretisk kunnskap kan vere verdifull i høgare utdanning.

Vekslingsmodellen kan likevel vere krevjande med omsyn til økonomi og personell, og det blir vist til at dette er utfordringar som pilotprosjektet må prøve å løyse. Modellen vil mellom anna vere personellkrevjande ved skulane første halvår, men ikkje seinare i opplæringsløpet. Det blir også peika på at vekslingsmodellen stiller krav til fleire læreplassar fordi ungdom som følgjer denne modellen treng læreplass i fire år og ikkje i to. Eit opplæringskontor peiker på at det å marknadsføre opplæringsløp med kortare tid i skule, vil medføre at skulane vil måtte marknadsføre ordningar som gir dei færre elevar, og at dette ikkje nødvendigvis er i skulane si interesse.

4.4 Tilbod til lærekandidatar

Lærekandidatordninga er eit tilbod til dei som ønskjer opplæring i bedrift, men som skal ta ein mindre omfattande kompetanseprøve enn ordinær fagprøve for lærlingar. Opplæringa skal gje kandidaten grunnlag for å utøve eit yrke og søkje arbeid på bakgrunn av dokumentert kompetanse. Nivået på opplæringa vil vere styrt av kandidaten sine eigne ønskje og evner. I 2012 blei det inngått 61 nye opplæringskontraktar i Hordaland. Same år var det 151 pågåande opplæringskontraktar i fylket.

I intervju blir det peika på at det for mange bedrifter er ei ekstra belastning å ta inn lærekandidatar som krev ekstra oppfølging. Arbeidsmarknadsbedriftene har også begynt å stramme inn, og vil ikkje ta inn ungdom som krev svært mykje oppfølging. Bedriftene ønskjer sosialt kompetent ungdom, som møter presist og som kan samarbeide, karakterar er ikkje så viktig i denne samanheng. Det blir vist til at det er ei utfordring at gruppa som er tatt inn i vidaregåande opplæring på særskilte vilkår vanlegvis slit på sosiale kompetanseområde i tillegg til dei faglege.

I intervju blir det peika på at ei utfordring med ordninga er at det er døme på at lærekandidatar er ute i bedrifter der det ikkje er aktuelt for arbeidsgjevarane å tilsette dei etter fullført opplæringskontrakt. I intervju blir det peika på at for enkelte lærekandidatar blir opplæringstida rein oppbevaring i fem år før dei blir overførte til NAV. I Hordaland arbeider fylkeskommunen for å praktisere ordninga slik at det er mogleg for lærekandidatane å få vidare tilsetting anten i lærebedrifta eller i ei bedrift som driv med tilsvarande arbeid. Dette betyr at lærekandidatane bør ha ei opplæring som gir dei grunnlag for arbeid på normale vilkår. God kvalifisering i skulen og utplassering i bedrift skal bidra til å sikre dette.

Fylkeskommunen har nyleg gjennomført prosjektet *Yrkesfagleg grunnutdanning* der det har blitt samarbeida med tre skular rundt lærekandidatordninga. Fokuset har vore elevar som er tatt inn i vidaregåande opplæring på særskilte vilkår, og *Yrkesfaglig grunnutdanning* skal gi elevar eit godt grunnlag for å kunne teikne og fullføre ein opplæringskontrakt i bedrift. Revisjonen har fått opplyst at denne grunnutdanninga har fokus på konsekvenspedagogikk der elevane får god trening og oppfølging i sosial kompetanse. Dette inneber mellom anna fokus på frammøte. Elevane må ha eit visst frammøte for å kome vidare i utdanninga, og krava blir strengare jo lenger dei er komne i utdanningsløpet. Rektor ved ein skule som har delteke i prosjektet opplever at dei har lukkast med dette opplegget, og at skulen klarer å få fram flinke og motiverte lærlingar og lærekandidatar gjennom ordninga.

I prosjektet *Yrkesfagleg grunnutdanning* har skulane hatt arbeidslivskoordinatorar som har arbeidd med å skaffe eit nettverk av aktuelle bedrifter og som har hatt fokus på å vere tilgjengelege for bedriftene. Koordinatorane har også hatt ansvar for å sørgje for at elevane er i praksis i ei relevant verksemd før dei finn ei aktuell opplæringsbedrift. Av intervju går det fram at ein har lukkast med omsyn til å opparbeide nettverk og skaffe opplæringsplassar i bedrift.

I intervju blir det peika på lærekandidatordninga gjerne bør vere organisert slik at dei som følgjer ordninga kan få ekstra tid til å gjennomføre opplæringa, slik at dei kan få full kompetanse i form av eit fagbrev. Det blir vist til at Kunnskapsdepartementet no også ønskjer ei ordning med praksisbrev. Praksisbrevet inneber at fagopplæringa blir organisert slik at det blir gitt ein reduksjon i dei faglege måla i læreplanane. Differensieringa mellom vanlege lærlingar og dei som følgjer ordning med praksisbrev, vil i stor grad vere på gjennomføringstid, ettersom det er mogleg å bygge ut og ta fagprøve etter praksisprøve. Ei slik ordning har ikkje vore nytta i Hordaland, men det er likevel ungdom som endrar opplæringsløp frå lærekandidat til lærling, når dei undervegs ser at dei kan klare å ta full fagprøve.

4.5 Rutinar for oppretting og godkjenning av læreplasser

Fylkeskommunen har eigne rutinar for godkjenning av lærebedrift (sist revidert 17. januar 2012). Rutinen skildrar kva fylkeskommunen skal kontrollere ved søknad om godkjenning som lærebedrift. Dette gjeld mellom anna kva dokument som skal følgje søknaden (til dømes firmaattest). Av rutinen går det fram at sakshandsamarane skal sjekke kvalifikasjonane til fagleg leiar i søkjarbedrifta, og kontrollere at faglege leiarar i frittstående bedrifter har delteke på fylkeskommunen sitt obligatoriske informasjonsmøte.

Av intervju går det fram at alle bedrifter som søker godkjenning blir inviterte til eit obligatorisk informasjonsmøte på to timar. Deltaking på møtet er eit kriterium for at frittstående bedrifter kan godkjennast. Informasjonsmøtet omhandlar mellom anna ansvaret bedriftene har når dei tar inn lærling. Det blir også gitt informasjon om Fagopplæringskontoret og Yrkesopplæringsnemnda sine roller.

Når det gjeld dokumentasjon på fagleg leiar sine kvalifikasjonar, viser rutinen for godkjenning av lærebedrifter til rundskriv om «Krav til faglig leder i lærebedrift».⁸ Dette rundskrivet gir ei nærmare presisering av krava som følgde av tidlegare «Lov om fagopplæring i arbeidslivet».⁹ Av rutinen går det vidare fram at dersom søkjarbedrifta er ukjent, det er uvisse om tilstrekkeleg kompetanse i faget eller anna, skal sakshandsamar sende brev til aktuelt yrkesutval¹⁰ for saman med utvalet å gjennomføre synfaring i bedrifta. Rutinen slår vidare fast at godkjente bedrifter skal registrerast i VIGO-databasen.

Fylkeskommunen har utarbeida brevmalar som blir nytta for å orientere nye lærebedrifter om at dei har blitt godkjente. Brevmalen listar opp vilkåra for godkjenninga, mellom anna at lærebedrifta plikter å gje lærlingen opplæring etter gjeldande læreplan i faget, at fagleg leiar må gjennomføre Hordaland fylkeskommune sitt kurs for instruktørar innan eit år frå godkjenninga, og at lærebedrifta skal rapportere årleg til fylkeskommunen på førespurnad. I tillegg er det utarbeidd ein brevmal til faglege leiarar i bedrifta der det blir gitt informasjon om ansvar og krav til instruktørkurs.

Frå Yrkesopplæringsnemnda blir det vist til at når fylkeskommunen godkjenner lærebedriftene, har dei fokus på å sjekke ut bedriftene i forhold til bestemte kontrollpunkt. Det blir vidare peika på at det er mogleg at Yrkesopplæringsnemnda sjølv burde hatt ansvaret for den faglege vurderinga av lærebedriftene. Dette er fordi medlemmene i nemnda kjenner til bedriftene, og har eit nettverk dei kan bruke for å få greie på eventuelle kritikkverdige forhold ved bedrifter dei ikkje har nærgående kjennskap til. Det blir elles vist til at det ikkje nødvendigvis bør ta lengre tid å få godkjenning om nemnda gjer dette arbeidet.

I intervju med eit opplæringskontor blir det peika på at det framstår som om fylkeskommunen stolar på at opplæringskontora har kontroll på at medlemsbedriftene kan ta imot lærlingar og kan gje relevant opplæring. Det blir stilt spørsmål ved om Fagopplæringskontoret har gode nok rutinar for godkjenning av lærebedrifter, mellom anna fordi dei ikkje besøker bedriftene men berre sjekkar opplysningar i søknadsskjema. Eit anna opplæringskontor viser til at fylkeskommunen manglar fagkompetanse til å vurdere bedriftene som lærebedrifter, men at dette ikkje spillar nokon stor rolle for bedrifter tilknytt opplæringskontor, sidan opplæringskontora vil følgje med på at lærlingane får den opplæringa dei skal.

⁸ Kyrkje, utdannings- og forskingsdepartementet Rundskriv F-21/95

⁹ Erstatte av Opplæringslova i 1998

¹⁰ Yrkesutval er fagleg rådgjevande organ innan dei ulike fagområdene. Prøvenemndene i dei ulike faga kan fungere som yrkesutval jf. opplæringslova § 12.3.

4.5.1 Tap av godkjenning

Yrkesopplæringsnemnda vedtok 29.03.11 retningslinene «Oppfølging av bedrifter og opplæringskontor – tap av godkjenning som opplæringsbedrift». I vedlegg til retningslinene er det gitt ei rekkje døme på kva Fagopplæringskontoret må vurdere når lærebedrifter ikkje i tilstrekkeleg grad følgjer opp lærlingar. Det går fram av rutinen at eit eller fleire av punkta som er nemnd kan, etter ei samla vurdering, føre til tap av godkjenning som lærebedrift. Vedlegg til retningslinene skildrar også kva steg som skal gjennomførast i samband med oppfølging av bedrifter og opplæringskontor før det blir gitt melding om eventuelt tap av godkjenning.

Fagopplæringskontoret har utarbeidd prosedyre for tap av godkjenning som lærebedrift. Prosedyren skildrar korleis sakshandsamar skal gå fram dersom det er indikasjonar på at ei lærebedrift ikkje oppfyller krava til å vere lærebedrift, eller dersom Fagopplæringskontoret får melding om at ei lærebedrift avviklar, går konkurs eller legg ned verksemda. Revisjonen får opplyst at det er svært sjeldan at bedrifter mister godkjenninga som lærebedrift.

4.6 Oppfølging av lærebedriftene

Opplæringsbedrifter som er knytt til opplæringskontor blir følgt opp av opplæringskontoret, medan frittstående bedrifter skal følgjast opp direkte av fylkeskommunen. I intervju blir det peika på at Fagopplærings sjefen ikkje har instruksjonsmynde overfor bedrifter og opplæringskontor, og at Fagopplæringskontoret derfor må legge vekt på dialog for å få til endring og forbetring.

Fagopplærings sjefen har møte med eit styre som representerer opplæringskontora i fylket 5-6 gonger i året. Revisjonen får opplyst at dette er eit uformelt og dialogbasert møte der tema til dømes er dimensjonering, læreplasstilgang, stimuleringsmidlar og endringar i regelverket. Fylkeskommunen arrangerer også ein årleg to dagars opplæringskontorkonferanse med informasjon og fagleg påfyll for opplæringskontora og større lærebedrifter.

I intervju blir det peika på at bedriftsbesøk er eit godt verktøy for å førebygge fråfall og uro i læreforhold. Frå fagopplæringskontoret blir det likevel peika på at det er ei utfordring å få tid til oppfølging av både frittstående bedrifter og opplæringskontor. Det blir vist til at kontoret i lang tid verken har hatt ressursar til eller prioritert systematisk og strukturert oppfølging av bedrifter og opplæringskontor. Revisjonen får opplyst at sjølv om Fagopplæringskontoret har som mål å besøke alle opplæringskontora ein gang i året, i tillegg til 100 frittstående bedrifter, blir dette målet ikkje oppfylt. I 2011 besøkte Fagopplæringskontoret alle opplæringskontora, men dette har ikkje blitt gjort sidan. I intervju blir det vist til at Fagopplæringskontoret ikkje blir målt på oppfølging av bedrifter og opplæringskontor, fokus har i staden vore på kor mange elevar ein får ut i lære.

Bedriftene har plikt til å rapportere den informasjonen fylkeskommunen ber om. Fagopplæringskontoret har tidlegare sendt ut rapporteringsskjema til bedriftene, og dette blei nytta siste gong i 2010. I 2012 gjennomførte Fagopplæringskontoret årsrapportering via VIGO med nokre sentrale spørsmål til bedriftene. Slik årsrapportering via VIGO er obligatorisk for fylkeskommunen å gjennomføre, men revisjonen har fått opplyst at Fagopplæringskontoret ikkje gjekk ut og påla bedriftene slik rapportering i år (2013). Bakgrunnen for dette er at kontoret ikkje har hatt kapasitet til å følgje opp bedriftene i etterkant av rapporteringa. Revisjonen har fått opplyst at om lag 83% av alle faglege leiarar svarte på undersøkinga i 2012, men datamengda var for stor til at fylkeskommunen hadde ressursar til å bearbeide dei og det er derfor ikkje utarbeidd statistikk eller gjort ei analyse av resultat frå undersøkinga.

I fleire intervju blir det vist til at bedriftene saknar klarare retningsliner for innhaldet i opplæringa etter Kunnskapsløftet. Revisjonen har fått opplyst at Fagopplæringskontoret, for å hjelpe

bedriftene på vei, mellom anna har utvikla eit konkretiseringsprosjekt der lærarar, instruktørar og prøvenemndsmedlemmar arbeider for å tydeleggjere og konkretisere innhaldet i opplæringa.

4.6.1 Instruktør opplæring

Fagopplæringskontoret held instruktørkurs og fastset innhaldet i kurset. Fagopplæringskontoret leiger inn kurshaldarar til å halde kursa, mellom anna frå opplæringskontor. Opplæringa blir primært gitt til faglege leiarar og kursa er gratis. Fagopplæringskontoret legg også til rette for kurs i distrikta. Fagopplæringskontoret har evalueringsmøte med kurshaldarane kvart halvår, og opplyser at dei er opne for å endre innhaldet i kursopplegget dersom det er behov for det.

Opplæring av instruktørar har til no skjedd på frivillig basis. Opplærings- og helseutvalet vedtok i sak 34/13 at det skal bli obligatorisk for bedriftene å sende fagleg leiar på instruktørkurs i fylkeskommunen innan eitt år etter godkjenning, og at alle fagleiarar eller instruktørar som ikkje har gjennomført instruktørkurs tidlegare, må gjennomføre dette. Som oppfølging av vedtaket i Opplærings- og helseutvalet opplyser Fagopplæringskontoret at dei vil informere lærebedriftene om kravet til kurs. Revisjonen får opplyst at opplæringskontora no vil begynne med instruktørkurs til nye lærebedrifter/nye faglege leiarar som får frist på eit år på å gjennomføre instruktørkurset. Fylkeskommunen vil deretter ta kontakt med dei eksisterande lærebedriftene og faglege leiarane for at også dei skal gjennomføre instruktørkurs. Revisjonen får opplyst at for 2013 har Fagopplæringsavdelinga avsett ein viss budsjettpost til kurs. Dei kan derfor ikkje arrangere fleire kurs sjølv om Opplærings- og helseutvalet no har vedteke at slike kurs skal vere obligatoriske.

Av intervju går det fram at det årleg er mellom 500 og 600 instruktørar som har gjennomført instruktørkurs, men at det fortsatt er slik at mange av bedriftene har faglege leiarar som ikkje har gjennomført instruktørkurs i regi av fylkeskommunen. Revisjonen har fått opplyst at om lag 2200 faglege leiarar ikkje har gjennomført instruktørkurs. Det blir vist til at representantar for små bedrifter i mindre grad møter på instruktørkurs.

Fylkeskommunen sine instruktørkurs er ikkje tilpassa bransjane, og frå Fagopplæringskontoret blir det opplyst at det har vore eit ønskje å ha blanda forsamlingar med representantar frå ulike fag/ sektorar på kursa. Det blir vidare opplyst at i tillegg til dei vanlege kursa har det også vore kurs for større enkeltbedrifter (t.d. Bergen kommune og Statoil), som ber om å få eigne kurs.

Eit opplæringskontor opplyser at dei ikkje har vore tilfredse med innhaldet i fylkeskommunen sitt tilbod når det gjeld instruktør opplæring. Opplæringskontoret viser til at dei har dialog med fylkeskommunen når det gjeld dette.

4.7 Oppfølging av lærlingar og lærekandidatar

Opplæringslova stiller krav om at lærlingar og lærekandidatar skal ha vurdering i løpet av opplæringa i bedrifta, det skal gjennomførast halvårssamtale med lærlingen og opplæringa skal følgje ein opplæringsplan. Dette får lærlingar og lærekandidatar informasjon om i samband med at dei får sendt over godkjent lærekontrakt. I fylkeskommunen sitt informasjonsbrev til lærlingane blir det også vist til at lærlingar bør føre «opplæringsbok» for det faget dei tar, for å dokumentere den opplæringa dei får og som eit bevis på kva opplæring dei har fått. I informasjonsbrevet som følgjer lærekontrakten står det også at: «*Ein representant for arbeidstakarane (tilsynsrepresentant) skal saman med den faglege leiaren føre tilsyn i lærebedrifta med at opplæringsforholda i bedrifta er tilfredsstillande.*»

Revisjonen får opplyst at det også blir lagt ut ein del informasjon til lærlingar på fylkeskommunen sine nettsider og Facebook-side. I intervju blir det peika på at det er ein god del som brukar Facebook-sida (ca. 600).

Fagopplæringskontoret gjennomførte i 2009 lærling- og instruktørundersøkinga som Utdanningsdirektoratet publiserer.¹¹ Svarprosenten var under 40 % for lærlingane, trass i at Fagopplæringskontoret hadde oppmoda bedriftene til å leggje til rette for at lærlingane kunne svare. Dersom dei skal gjennomføre undersøkinga igjen, ønskjer Fagopplæringskontoret å finne ein måte å få opp svarprosenten på, slik at tala blir representative. Fagopplæringskontoret har fått tilbakemelding frå opplæringskontor om at den låge svarprosenten kan skuldast at spørjeundersøkinga tek for lang tid å svare på. I intervju blir det også peika på at dersom Fagopplæringskontoret skal gjennomføre slike undersøkingar bør dei også ha kapasitet til å nytte den informasjonen ein hentar inn.

4.7.1 Oppfølging i frittstående bedrifter

Fylkeskommunen har ikkje eit system for å følgje opp alle lærlingar som har læreplass i frittstående bedrifter, eller for systematisk rapportering frå lærlingar til fylkeskommunen i løpet av læretida. Fylkeskommunen kan be bedriftene om dokumentasjon av mellom anna gjennomført halvårssamtale og opplæringsplan for lærlingen, men det er ikkje etablert eit system der bedriftene systematisk dokumenterer at dette er utført. I intervju går det fram at Fagopplæringskontoret er kjent med at det er mange læreforhold der det ikkje er utarbeidd opplæringsplan.

I intervju blir det peika på at Fagopplæringskontoret er avhengig av at bedriftene er villige til å ta inn lærlingar, og at bedriftene ofte gir uttrykk for at det er for mykje papirarbeid å dokumentere oppfølginga og at dei ikkje maktar det. Fagopplæringskontoret opplever det som ei utfordring dersom bedrifter ikkje har opplæringsplaner for lærlingane. Strategien er å få fleire bedrifter inn i opplæringskontor, for at opplæringskontora kan følgje opp lærlingane og bedriftene. Dette vil redusere andelen små, enkeltstående bedrifter, der det tradisjonelt ikkje har vore lagt vekt på dokumentasjon/ papirarbeid i samband med opplæringa.

Av intervju og rutinar går det fram at lærlingar kan ta direkte kontakt med Fagopplæringskontoret dersom det skulle oppstå problem undervegs i læretida. Revisjonen får opplyst at lærlingane som tar kontakt med Fagopplæringskontoret om vanskeleg læreforhold, får hjelp frå Fagopplæringskontoret. Dette gjeld også bedrifter som tar kontakt dersom dei har problem med ein lærling. Fagopplæringskontoret får som oftast vite som slike saker anten frå bedrifta eller lærlingen sjølv. Det blir peika på at ein konsekvens av at lærlingar og bedrifter sjølv må ta kontakt ved problem, er at Fagopplæringskontoret gjerne blir involvert på eit for seint tidspunkt til å kunne bidra til å løyse utfordringane i det aktuelle læreforholdet. I intervju blir det også vist til at Fagopplæringskontoret ikkje har tilstrekkeleg kapasitet til å følgje opp dei som tar kontakt så godt som dei ønskjer.

4.7.2 Oppfølging i opplæringskontor

Fleire av opplæringskontora har lærlingsamlingar, og kan gje relevant informasjon til lærlingane der. Det varierer kor ofte slike samlingar blir gjennomført, men intervju blir det peika på at slike samlingar er særleg viktig i starten av læretida. Det blir i intervju peika på at fagopplæringa i Hordaland er heilt avhengig av at opplæringskontora gjer ein god jobb med å følgje opp lærlingar i sine bedrifter. Fagopplæringskontoret har ikkje oversikt over kva system dei ulike opplæringskontora nyttar for å følgje opp lærlingane i sine bedrifter. I intervju går det fram at Fagopplæringskontoret si rolle i oppfølging av lærlingar og lære kandidatane som høyrer til opplæringskontor, i stor grad dreier seg om å følgje med på kor mange som sluttar i læreforhold, og kor mange som består fagprøve.

¹¹ Lærlingundersøkinga og Instruktørundersøkinga er inndelte i følgjande vurderingsområde: motivasjon, trivsel, læring, rettleiing, vurdering, medverknad, utstyr/hjelpemiddel og helse, miljø og tryggleik.

Fleire opplæringskontor har innført elektroniske rapporteringssystem¹² for lærlingane, der timelister og utførte oppgåver blir rapportert. Dette systemet erstattar innlevering av timelister til opplæringskontora. Dei opplæringskontora som revisjonen har intervjuet, opplyser at det er vanleg at opplæringskontoret gjennomfører halvårssamtale med lærlingane, eller ser til at dette er gjort av fagansvarleg i bedrifta. Opplæringskontora kan også følgje med på om det blir utarbeidd opplæringsplanar for lærlingane, og gjennom dei elektroniske rapporteringssystema sjå etter at desse planane blir følgt.

I intervju med opplæringskontor blir det opplyst at dersom lærlingar opplever vanskar i læreforholdet, er det først og fremst opplæringskontoret som følgjer opp lærlingen og bedrifta. Det er ikkje vanleg å involvere Fagopplæringskontoret i slike tilfelle. Det blir også opplyst at dersom noko ikkje fungerer til dømes mellom lærlingen og dei tilsette på arbeidsplassen, kan lærlingen som oftast bli overført til ei anna bedrift knytt til opplæringskontoret, og halde fram med læretida si der.

4.7.3 Oppfølging av lærekandidatar og lærlingar med behov for tilrettelegging

I intervju blir det vist til at ein er avhengig av at lærlingar sjølv gir bedriftene informasjon om lærevanskar eller behov for tilrettelegging av opplæringa i bedrifta. Dei som er intervjuet opplever at det er vanskeleg for mange unge å vere open om at dei har vanskar, og at dei til dømes har hatt spesialundervisning på skulen. Ofte opplyser dei derfor ikkje om dei vanskane dei har når dei kjem ut i lære.

Det blir vist til at mangel på kommunikasjon og openheit om lærevanskar kan føre til at lærlingar får ein vanskeleg start på læretida, og i verste fall ikkje klarer å fullføre. Det blir vist til at det er mange døme på at lærlingar ikkje har opplyst om lese- og skrivevanskar, slik at dei ikkje har fått tilrettelegging på fagprøven, og dermed ikkje har bestått. Dette meiner opplæringskontora kunne vore unngått dersom dei tidleg hadde hatt informasjon om vanskane til den enkelte.

Frå opplæringskontor blir det peika på at lærekandidatordninga er ei god ordning, men at mange elevar ikkje kjenner til at ordninga finst. Opplæringskontor viser også til at dei har lærekandidatar som dei har rettleia inn i ordninga, som først prøvde seg som lærling utan å lukkast med det. Då har gjerne lærlingen fått vonde erfaringar og har i enkelte tilfelle mista motivasjonen knytt til opplæring. Erfaringa har vore at ein del lærekandidatar kan ta fagprøve etter kvart, men at dei treng lenger tid fordi dei slit med å tileigne seg teori og treng ekstra oppfølging, noko opplæringskontoret kan gi dei.

Av intervju går det fram at skulane skal følgje opp lærekandidatane i læretida. Fagopplæringskontoret oppmodar skulane til å følgje lærekandidatane tett opp, men har ikkje oversikt over kva oppfølging som blir gitt i praksis. Revisjonen har fått opplyst at det på bakgrunn av dei erfaringane som blei gjort i prosjektet *Yrkesretta grunnutdanning*, er utarbeidd ein rettleiar til skulane om korleis dei kan følgje opp lærekandidatane. Det blir vist til at lærekandidatane vanlegvis krev svært mykje oppfølging både før og etter at opplæringskontrakt er inngått. Fagopplæringskontoret har ein person som arbeider med lærekandidatane, men det blir vist til at dette er eit krevjande arbeid som kontoret kunne ha arbeida mykje meir med. Det er eit ønske frå Fagopplæringskontoret at alle store skular i fylket hadde hatt eigne koordinatorar som kunne følgje opp lærekandidatar og andre elevar som har særlege utfordringar knytt til det å komme ut i lære, fordi mange ungdommar treng tett oppfølging.

¹² Til dømes SAFIR


4.8 Fråfall og bortval innanfor yrkesfag

4.8.1 Overgang mellom vidaregåande skule og læreplass

Det blir opplyst i «Årsrapport 2012» at Fagopplæringskontoret i 2012 behandla søknader frå 2523 primærsøkjjarar til læreplass, og at av desse var det 1772 som hadde ungdomsrett. Vidare går det fram at Fagopplæringskontoret totalt formidla lærekontrakt til 1884 av søkjarane, av desse hadde 1270 søkjarar ungdomsrett.


Som det går fram av figuren under, har andelen søkjarar til læreplass som har fått læreplass vore litt høgare i Hordaland fylkeskommune enn gjennomsnittet i Vest-Noreg og landet utanom Oslo dei siste to åra.

Figur 1: Prosentdel søkjarar til læreplass som har blitt lærling per 1.10. Kjelde: KOSTRA



I tillegg har prosentdelen elevar med vg2 yrkesfaglige utdanningsprogram, som ikkje gjekk vidare i utdanning året etter, minka dei siste åra. På dette området ligg også Hordaland på same nivå som gjennomsnittet i Vest-Noreg og under gjennomsnittet for landet utanom Oslo.

Figur 2: Prosentdel elevar med vg2 yrkesfaglige utdanning program i fjor, som ikkje er i utdanning i år. Kjelde: KOSTRA



Av intervju går det fram at det er dei svakaste elevane som i størst grad har utfordringar knytt til å få læreplass. Det er ikkje prøvetid for lærlingar og fylkeskommunen krev god dokumentasjon for at bedriftene kan heve lærekontrakten. Det blir opplyst at dette gjer at bedrifter kan vegre seg for å ta inn lærlingar som slit med fråvær og dårlege resultat.

Eit samarbeid mellom NAV, opplæringskontor og Fagopplæringskontoret er kome i stand for å følgje opp enkelte lærlingar som har vore vanskeleg å formidle. Fylkeskommunen betalar eit tilskot til bedriftene som er villige til å ta inn desse ungdomane i ein praksisperiode. NAV går inn med individstønad til ungdommane i praksisperioden. På denne måten får ungdommane høve til å vise at dei er eigna til å gå i lære, og målet er at bedrifta der dei er i praksis, skal gje dei lærekontrakt. Dette samarbeidet er relativt nytt, og frå Fagopplæringskontoret blir det peika på at det er for tidleg å konkludere koreleis tiltaket fungerer. Erfaringane så langt er at ungdommane ofte ikkje følgjer opp dei avtalane som er inngått.

For ungdom som ikkje får lærekontrakt etter fullført vg2 på yrkesfaglege studieprogram, er det alternative tilbud for å få fullført utdanninga. Fylkeskommunen har oppretta ulike vg3 tilbud med eitt års opplæring i skule. Det blir i intervju hevda at dette ikkje er eit godt alternativ. Dette blir forklart med at mange av dei som har følgd eit slikt opplegg ikkje har klart fagprøven etter eit år med opplæring i skule i staden for to år i bedrift. Det blir mellom anna peika på at det oftast er dei elevane som har mest fråvær og dårlegast karakterar som ikkje får læreplass, og som derfor må følgje opplæring i form av vg3 kurs i skule. Av Fagopplæringskontoret sin årsrapport for 2012 går det fram at 31 av 72 personar som tok fagprøve etter vg3 opplæring, ikkje bestod fagprøven. I intervju blir det likevel peika på at enkelte opplæringstilbod i skule har vore vellukka. Det blir spesielt vist til samarbeid med Hop kompetansesenter og Profitek der elevane får eit års læretid i staden for to. Opplæringa er organisert med arbeidstid og ferie som i yrkeslivet, og opplæringa blir gjort av personell som blir kalla instruktørar og ikkje lærarar.

Fylkeskommunen kan gje elevar som står utan lærekontrakt tilbud om opplæring i bedrift innanfor eit anna fagområde enn det dei tok på vg2. I slike tilfelle vil det dreie seg om eit fag innanfor det same programfagområdet. Det vil seie at til dømes ein som søker om lærekontrakt innanfor tømrarfaget kan få tilbud om kontrakt innanfor murarfaget.

Frå fagopplæringskontoret blir det opplyst at dei ungdommane som er trygge på at dei ønskjer seg læreplass og som har lågt fråvær, i dei fleste tilfelle får læreplass. For ein del ungdom er det slik at dei kan ha søkt læreplass utan å ha fått dette, og det kan samtidig vere uklart om elevane faktisk ønskjer lærekontrakt. I intervju blir det vist til at Fagopplæringskontoret bruker mykje tid på å få kontakt med desse ungdommane for å gje dei eit tilbud om opplæring. Dersom ungdommane takkar nei til det tilbodet dei får, blir dei ikkje lenger følgd opp av Fagopplæringskontoret, men overførte til OT/PPT.¹³

Fagopplæringskontoret har tidlegare arbeidd med formidling av lærlingar til utover i oktober kvart år, men dei vil frå hausten 2013 sette endeleg strek for arbeidet med å skaffe læreplassar den 15. september. Revisjonen får opplyst at om lag 100 søkjarar kvart år blir overførte til OT/PPT fordi dei ikkje har fått lærekontrakt eller anna opplæringstilbod som dei har takka ja til.

Revisjonen har fått opplyst at Fagopplæringskontoret ikkje har ein skriftleg rutine for å overføre søkjarar som ikkje har fått læreplass til OT/PPT. Fagopplæringskontoret har hatt møte med oppfølgingstenesta for å få betre rutinar på dette, og det skal også bli utarbeidd skriftlege rutinar. Det blir vist til at intensjonen er at Fagopplæringskontoret i framtida skal ha faste overføringsmøte med oppfølgingstenesta.

4.8.2 Stryk- og fråfallstal

Av «Mål-, strategi og handlingsplan for fag- og yrkesopplæringa i Hordaland 2012- 2015» går det fram at hovudutfordringa for dei neste fire åra innanfor fag- og yrkesopplæringa vil vere å vidareutvikle samarbeidet mellom bedrifter, opplæringskontor, skular og fagopplæring, samt


¹³ Oppfølgingstenesta/ Praktisk pedagogisk teneste

følgje opp fråfallsproblema innan bedriftsopplæringa. Det blir peika på at betre samhandling og samarbeid mellom desse vil resultere i både kvalitetsheving og mindre fråfall.

Av intervju går det fram det i liten grad er fråfall i lærekandidatordninga. Det føreligg ikkje statistikk som viser fråfall frå denne ordninga.


KOSTRA-tal viser at Hordaland fylkeskommune ligg mellom gjennomsnittet i landet utan Oslo og gjennomsnittet i Vest-Noreg når det gjeld prosentdel elevar og lærlingar som består vidaregåande opplæring i løpet av normert tid.

Figur 3: Prosentdel elevar og lærlingar som har bestått vidaregåande opplæring i løpet av normert tid.¹⁴ Kjelde: KOSTRA



I KOSTRA går det også fram at Hordaland i 2012 hadde ein litt lågare prosentdel lærlingar som bestod fagprøve enn gjennomsnittet i landet utan Oslo og Vest-Noreg.

Figur 4: Prosentdel lærlingar som har bestått fag- og sveineprøvar



¹⁴ Det ligg ikkje føre tal for 2012 i KOTRA-databasen.

I 2012 var det 11,4 % av lærlingane som ikkje fekk bestått på fag- og sveineprøvene, og dette var ein auke på nesten 3 % frå året før. Fagopplæringskontoret har ikkje registrert nokon spesifikke årsaker til den auka strykprosenten i 2012.


Alle hevingar av lærekontraktar skal registrerast i VIGO. I 2012 blei 255 lærekontraktar heva i Hordaland fylkeskommune, og dette var ein nedgang frå året før.

Figur 5: Talet på heva lærekontraktar. Kjelde: Årsrapport 2012. Fagopplæringskontoret

Årstal	Heva lærekontraktar
2010	255
2011	264
2012	255

Fylkeskommunen sine tal frå VIGO viser at heving av kontraktar er fordelt på svært mange fagområde, men at det er særleg mange hevingar innan rørleggjarfaget, tømrrarfaget og frisørfaget. Dette er også fagområde som har svært mange lærlingar.

Figur 6: Talet på hevingar innanfor fagområde¹⁵




4.8.3 Sluttårsaker ved heving av lærekontrakt

Det blir opplyst i intervju at dei fleste kontraktane blir heva ved semje mellom partane, og både lærling og bedrift skal signere på dette. Det er heller ikkje krav om grunngjeving for heving av kontrakt når det er semje mellom partane. Alle hevingssaker med sluttårsaker blir registrert i VIGO-databasen, etter bestemte årsakskategoriar som er felles for heile landet. Dersom det blir opplyst ein årsak til hevinga blir dette registrert av Fagopplæringskontoret.

Personlege årsaker skil seg ut som den mest vanlege årsaka til at lærekontraktar blir heva, bortsett frå i dei tilfella der årsak ikkje er oppgitt. Det er også ein del lærlingar som oppgir feilval som hevingsårsak, samt ein del saker som dreier seg om brot med arbeidslivet sine reglar. Talet på lærlingar fordelt på ulike hevingsårsaker går fram av tabellen under:

¹⁵ I denne oversikten er fagkodar innfor same fagområde slått saman, og dei fagområda som har over 10 hevingar er tatt med i figuren.

Figur 7: Årsak til heving av lærekontrakt i 2012¹⁶



I «Mål, strategi og handlingsplan» for fagopplæringa går det fram at det skal lagast ei oversikt over bedrifter som har gjentatte hevingar av kontraktar, inkludert tilfelle der det er semje om heving. Yrkesopplæringsnemnda peikar på at dette kan skape eit grunnlag for å undersøke tilhøva i lærebedrifta nærmare, fordi bedrifter som går igjen også skal følgjast opp med besøk. Revisjonen får opplyst at Fagopplæringskontoret ikkje har hatt kapasitet til å utarbeide oversikt over bedrifter med mange hevingssaker, og drive aktiv oppfølging av desse bedriftene. Vidare blir det opplyst at det ikkje er spesifikke bedrifter som skil seg ut med særskilt mange hevingssaker. Frå fagopplæringskontoret blir det opplyst at dei arbeider med å få på plass gode rutinar for handtering og oppfølging av hevingssaker.

4.8.4 Oppfølging av lærlingar som har slutta

I intervju blir det opplyst at om lag 120-130 av dei lærekontraktane som blir heva gjeld ungdom som står utan nytt tilbod/ aktivitet etterpå.

Saker med søknad om heving av lærekontrakt blir fordelt mellom fleire sakshandsamarar ved Fagopplæringskontoret. Sakshandsamarane har ansvar for å legge inn informasjon om heving i VIGO. Det blir vidare opplyst at Fagopplæringskontoret i dei fleste tilfelle tar kontakt med lærlingen i samband med heving av kontrakt, for å få greie på om vedkommande faktisk er einig i hevinga og for å forsikre seg om at lærlingen er kjent med at hevinga medfører at dei mister utdanningsretten/ ungdomsretten.

Fagopplæringskontoret opplyser at dei ikkje har faste rutinar rundt det å få overført informasjon om lærlingar som har fått heva kontrakt til Oppfølgingstenesta (OT), men at det blir arbeidd med å forbetre rutineane på dette området. Mellom anna blir det nemnt at Fagopplæringskontoret kan opplyse lærlingar om at Oppfølgingstenesta finst i brevet som lærlingen får etter at hevingssaka er ferdig behandla ved Fagopplæringskontoret.

¹⁶ Tabellen er henta frå «Delårsrapport 2012».

5. Vurderingar

5.1 Oppretting og godkjenning av lære plassar

5.1.1 Rutinar for godkjenning av lærebedrifter/ lære plassar

Etter revisjonen si vurdering har fylkeskommunen gode skriftlege rutinar for godkjenning av lærebedrifter, som skildrar kva fylkeskommunen skal kontrollere ved slike søknader. Brevmalen som er utarbeidd for utsending av svar til bedrifter om at dei har fått innvilga godkjenning som lærebedrift, gir også god informasjon om lærebedriftene sine plikter og om vilkår for godkjenninga.

På bakgrunn av informasjonen som kjem fram i undersøkinga er det revisjonen si vurdering at fylkeskommunen bør vurdere om dei skal legge fram lister for Yrkesopplæringsnemnda over bedrifter som søker godkjenning og som innfrir formalkrav. Dette vil kunne bidra til å gi Fagopplæringskontoret kjennskap til eventuelle risikoforhold knytt til søkjarbedriftene. På bakgrunn av eventuelle innspel frå Yrkesopplæringsnemnda vil Fagopplæringskontoret kunne vurdere om det er grunnlag for å gjere nærare undersøkingar av bedrifter før dei blir godkjente som lærebedrifter.

5.1.2 Rettleiing av lærebedrifter

Fylkeskommunen har, gjennom den planlagde oppfølginga av Opplærings- og helseutvalet sitt vedtak om obligatorisk instruktørkurs, utarbeidd eit systematisk opplegg for rettleiing av lærebedriftene. Alle faglege leiarar må gjennomføre instruktør opplæring i løpet av første året etter at bedrifta er godkjent som lærebedrift, og alle nye fagleiarar eller instruktørar som ikkje har gjennomført instruktørkurs tidlegare skal ha kurset. Av undersøkinga går det samtidig fram at Fagopplæringskontoret sitt budsjett for 2013 ikkje gjev rom for fleire instruktørkurs inneverande år, og undersøkinga viser at om lag 2200 faglege leiarar ikkje har gjennomført fylkeskommunen sitt instruktørkurs. Revisjonen meiner det er viktig å sikre at flest mogleg gjennomfører instruktørkurs for å bidra til å sikre at lærlingane får den oppfølginga og det faglege innhaldet dei har krav på i læretida.

For bedrifter som ikkje er medlem i opplæringskontor, blir det også gjennomført obligatorisk informasjonsmøte i regi av Fagopplæringskontoret før dei blir godkjente som lærebedrift.

5.1.3 Tilgang og behov for lære plassar

Av undersøkinga går det fram at Fagopplæringskontoret stipulerer tilgangen på lære plassar basert på oversikter over kor mange lærlingar bedriftene har tatt inn tidlegare. Dette blir gjort fordi det har vore vanskeleg å få god nok oversikt og tilbakemelding frå bedriftene med omsyn til om dei vil tilby lære plassar kommande år. Det går vidare fram av undersøkinga at det innan ein del fagområde er utfordringar med å dimensjonere opplæringstilbodet. Kva elev plassar som skal opprettast i dei vidaregåande skulane blir avgjort politisk, men det er revisjonen si vurdering at saksframlegga til politiske saker knytt til dimensjonering av opplæringstilbodet må gje tydeleg informasjon og oversikt over tilgang på lære plassar innanfor ulike fagområde, dersom ein skal sikre at saka er tilstrekkeleg opplyst.

I undersøkinga blir det peika på at oversiktene over lærebedrifter ikkje er oppdaterte med omsyn til bedrifter som av ulike årsaker ikkje eksisterer lengre. Etter revisjonen si vurdering bør fylkeskommunen undersøke om det er mogleg å på ein systematisk måte sikre at listene er oppdaterte, og berre inneheld eksisterande bedrifter der det er mogleg å søke læreplass. Oversiktene vil då gi eit meir realistisk bilete av tilgangen på læreplassar i fylket, og ein kan unngå at ungdommar bruker tid på å få kontakt med bedrifter som ikkje eksisterer lengre.

5.1.4 System for å bidra til at godkjente bedrifter tilbyr læreplassar

Fylkeskommunen har eit system for å bidra til at godkjente lærebedrifter tilbyr læreplassar. Fagopplæringskontoret går gjennom oversikta over godkjente lærebedrifter i VIGO ein gong i året, og kontaktar bedrifter som ikkje har lærlingar.

5.1.5 Oppfølging og kontroll med lærebedrifter

Undersøkinga viser at Fagopplæringskontoret i fylkeskommunen i lang tid verken har hatt ressursar til eller prioritert systematisk og strukturert oppfølging av bedrifter og opplæringskontor i samsvar med «Mål strategi og handlingsplan for fag- og yrkesopplæringa i Hordaland 2012-2015». Revisjonen meiner at fylkeskommunen bør etablere eit system som sikrar at alle opplæringskontor blir følgt opp jamleg. Dette er viktig for at fylkeskommunen skal ha kjennskap til i kva grad opplæringskontora følgjer opp medlemsbedriftene og i kva grad lærebedriftene etterlever dei krav som er stilt til dei i lovverket.

Fagopplæringskontoret har heller ikkje hatt ressursar til å bearbeide resultat frå bedriftsrapporteringa i VIGO, og å følgje opp bedriftene i etterkant av denne rapporteringa. Dette er etter revisjonen si vurdering ikkje tilfredsstillande, då det mellom anna kan føre til at brot på vilkåra for godkjenning av lærebedrifter ikkje blir avdekkja. Revisjonen meiner det er viktig å arbeide for å sikre høg svarprosent i bedriftsrapporteringa. Etter revisjonen si vurdering bør dei innrapporterte svara frå undersøkinga inngå i informasjonsgrunnlaget til risikovurderingar som Fagopplæringskontoret bør gjere. Slike risikovurderingar bør leggjast til grunn for utval av lærebedrifter som skal følgjast nærmare opp med bedriftsbesøk.

5.1.6 Elevplassar i eigen organisasjon

Fylkeskommunen har 23 læreplassar i eigen organisasjon. Dei fleste læreplassane i fylkeskommunen er å finne innanfor IKT servicefaget ved dei vidaregåande skulane. Når berre 14 av 48 vidaregåande skular har læreplassar, meiner revisjonen at fylkeskommunen bør vurdere om det er mogeleg å auke talet på læreplassar i eigen organisasjon.

5.2 Tilbod til lærekandidatar

I undersøkinga kjem det fram at mange elevar ikkje kjenner til lærekandidatordninga, og det blir vist til at enkelte har blitt rettleia til å nytte ordninga etter først å ha prøvd seg som lærling utan å lukkast. Revisjonen meiner dette er uheldig, og meiner det er viktig at fylkeskommunen sikrar at det blir gitt tilstrekkeleg informasjon om lærekandidatordninga.

Undersøkinga viser at det er gode erfaringar frå fylkeskommunen sitt prosjekt *Yrkesfagleg grunnutdanning* der elevar som er tatt inn i vidaregåande skule på særskilte vilkår får trening og oppfølging i sosial kompetanse. Revisjonen meiner det er positivt at fylkeskommunen har utarbeida rettleiing til skulane om korleis dei skal følgje opp lærekandidatane basert på erfaringar frå dette prosjektet. Revisjonen meiner også det er viktig at fylkeskommunen opprettheld fokus på å informere skulane om korleis dei best kan legge til rette for lærekandidatane.

5.3 Fråfall og bortval i læretida

Undersøkinga viser at Hordaland har ein noko lågare prosentdel lærlingar som består fagprøve (88,6 %) enn gjennomsnittet i Vest-Noreg og Landet utanom Oslo. Fylkeskommunen har så langt ikkje lukkast med å nå målet om å forbetre gjennomføringa med minst 5% årleg. Talet på heva lærekontraktar har vore rundt 250-260 kontraktar årleg dei siste åra. Av undersøkinga går det fram at det er få opplæringskontraktar som blir heva.

Over ein tredjedel av dei som hevar lærekontraktar opplyser ikkje om årsaka til det. For dei som opplyser om årsaka til heving er det flest som oppgir «personlege årsaker» som forklaring på hevinga.

Undersøkinga viser at Fagopplæringskontoret ikkje har klart å utarbeide oversikt over bedrifter med mange hevingssaker, og å ha ei aktiv oppfølging av desse bedriftene i samsvar med «Mål, strategi og handlingsplan for fag- og yrkesopplæringa i Hordaland 2012-2015». Revisjonen meiner fylkeskommunen bør prioritere dette arbeidet. Listene bør inngå i det informasjonsgrunnlaget fylkeskommunen bør nytte når dei skal velje ut bedrifter for oppfølging og bedriftsbesøk.

Revisjonen meiner det er positivt at fylkeskommunen arbeider med å få på plass gode rutinar for handtering og oppfølging av hevingssaker, og meiner rutinane også må sikre at det blir laga oversikter over bedrifter som har mange hevingssaker slik at desse bedriftene kan følgjast opp tettare.

5.4 System og rutinar for oppfølging

Undersøkinga viser at fylkeskommunen ikkje har eit system for å følgje opp eller innhente systematisk rapportering frå lærlingane, til dømes om dei har opplæringsplan og har hatt halvårssamtale. Undersøkinga viser at fleire opplæringskontor har elektroniske system som dei nyttar for å følgje opp lærlingane. Slik kan opplæringskontora følgje med på om opplæringa i den enkelte bedrifta følgjer lovbestemte krav. Strategien til fylkeskommunen er å få fleire bedrifter med i opplæringskontor, slik at opplæringskontora kan følgje opp lærlingane og bedriftene. Revisjonen si vurdering er at det er føremålstenleg å arbeide for dette dersom ein skal sikre ei god oppfølging av lærlingane i fylket. Likevel meiner revisjonen at fylkeskommunen også må gjere eigne risikovurderingar, mellom anna basert på rapporteringar frå bedriftene, for å velje ut kva frittstående bedrifter dei skal følgje opp tettare.

Revisjonen meiner at bedriftsbesøk basert på ei risikovurdering kan bidra til å førebygge fråfall. Undersøkinga viser at fylkeskommunen ved Fagopplæringskontoret gjerne først følgjer opp lærling og bedrift når dei har tatt kontakt i samband med utfordringar i læreforholdet, og at det ofte visar seg at fylkeskommunen kjem inn på eit for seint tidspunkt med omsyn til å kunne bidra til å løyse situasjonen. Fylkeskommunen gjennomfører ikkje informasjonsmøte for lærlingar i frittstående bedrifter, men lærlingane blir gjennom eit brev dei får tilsendt saman med kontrakten, informert om kva rettar dei har og at dei kan ta kontakt med fylkeskommunen om dei har utfordringar.

Det blir opplyst at fylkeskommunen prøver å hjelpe dei lærlingane som tar kontakt, men Fagopplæringskontoret har ikkje kapasitet til å følgje opp dei som tar kontakt så godt som dei kunne ønskje. Revisjonen si vurdering er at det truleg er høg terskel for lærlingane for å ta kontakt med fylkeskommunen, dersom dei har utfordringar i læreforholdet. Eit verkemiddel fylkeskommunen kan nytte for å redusere ein slik terskel, er å jamleg minne lærlingane om kva rettar dei har og kven dei kan kontakte dersom dei opplever problem.

5.5 Oppfølging av elevar som ikkje får lærekontrakt

På bakgrunn av dei opplysningar som har kome fram gjennom undersøkinga, er det revisjonen si vurdering at fylkeskommunen har tilfredsstillande system for å følgje opp elevar som ikkje har fått lære plass. Fagopplæringskontoret prioriterer ressursar til å følgje opp denne gruppa og å gje elevane eit alternativt tilbod. Ulike vg3 tilboda har blitt oppretta, og sjølv om det er høg prosentdel som ikkje består fagprøven ved desse tilboda, er det også døme på vellukka eittårig opplæring i samarbeid med eksterne bedrifter. Revisjonen meiner det er positivt at fylkeskommunen nyleg har inngått eit samarbeid med NAV og opplæringskontor for å gje tilskot slik at elevar kan få praksisperiode i bedrift og på denne måten vise seg kvalifisert for lære plass, sjølv om det enno er for tidleg å konkludere om korleis tiltaket fungerer.

6. Tilrådingar

Revisjonen vil tilrå at Hordaland fylkeskommune¹⁷

1. Vurderer å legge fram lister for Yrkesopplæringsnemnda over bedrifter som søker godkjenning og som innfrir formalkrav, for å få kjennskap til eventuelle risikoforhold knytt til søkerbedriftene.
2. Sikrar at flest mogleg gjennomfører instruktørkurs for å bidra til å sikre at lærlingane får den oppfølginga og det faglege innhaldet dei har krav på i læretida.
3. Sikrar at saksframlegga i politiske saker knytt til dimensjonering av opplæringstilbodet gir tydeleg informasjon om og oversikt over tilgang på læreplassar innanfor ulike fagområde.
4. Undersøker om det er mogleg å på ein systematisk måte sikre at listene over lærebedrifter er oppdaterte og ikkje inneheldt avvikla verksemder.
5. Prioriterer oppfølging av lærebedrifter og opplæringskontor. Oppfølginga bør gjerast på bakgrunn av systematiske risikovurderingar som mellom anna tek utgangspunkt i rapportering frå bedrifter.
6. Vurderer om det er mogleg å auke talet på læreplassar i eigen organisasjon.
7. Sikrar at det blir gitt tilstrekkeleg informasjon om lære kandidatordninga, og opprettheld fokus på å informere skulane om korleis dei best kan leggje til rette for lære kandidatane.
8. Prioriterer å utarbeide oversikter over bedrifter med mange hevingssaker, og å ha ei aktiv oppfølging av desse.
9. Vurderer ordningar for jamleg å minne lærlingar om kva rettar dei har og kven dei kan kontakte dersom dei opplever problem i læreforholdet.

¹⁷ I høringsutkastet var tiltak nr. 4 formulert slik: « Undersøker om det er mogleg å på ein systematisk måte sikre at listene over lærebedrifter i VIGO er oppdaterte og ikkje inneheldt avvikla verksemder.». På bakgrunn av fylkesrådmannen sine kommentarar til datadelen i rapporten, er formuleringa av tiltaket justert.

Vedlegg 1: Høyringsuttale

Fylkesrådmannen sin høyringsuttale vil gå fram av dei følgjande sidene.

Deloitte AS
Postboks 6013 Postterminalen
5892 BERGEN

Vår ref.: (nyttast ved korrespondanse)
201307529-2/041/HEGG

Dykkar ref.:

Bergen, 01. oktober 2013

Forvaltningsrevisjonsrapport om fagopplæring - verifisering og høyring

Fylkesrådmannen har motteke utkast til rapport om forvaltningsrevisjon av fagopplæringa i Hordaland fylkeskommune 19.09.2013.

Fag- og yrkesopplæringa er i høgste grad sett på den nasjonale utdanningspolitiske dagsorden, sist gjennom stortingsvedtak til Meld. St. 20 (2012-2013) *På rett vei*, arbeidet med eit kvalitetssystem for fag- og yrkesopplæringa og etableringa av Fylkeskommunalt kvalitetsnettverk, eit samarbeid mellom fylkeskommunane, KS og KD.

Forvaltningsrevisjonen er i denne omgang avgrensa til fagopplæringsdelen av fag- og yrkesopplæringa. Fylkesrådmannen takkar for revisjonsarbeidet så langt og har nokre merknader knytt til sjølve innhaldet i rapporten og dei ni tilrådingane frå Deloitte AS.

1. Merknader knytt til sjølve innhaldet

(...)

2. Merknader til tilrådingane

Revisjonen kjem med ni konkrete tilrådingar til Hordland fylkeskommune. Fylkesrådmannen har følgjande kommentarar:

- 1) Fullmakta til å godkjenne lærebedrifter er delegert frå yrkesopplæringsnemnda til fylkeskommunen. Fylkeskommunen gjer ei vurdering av kvar søknad om godkjenning, og på dette grunnlaget blir det fatta vedtak om godkjenning. Fylkeskommunen legg fire gonger i året fram lister til yrkesopplæringsnemnda over bedrifter som er blitt godkjende i perioden. I Hordaland har vi aktivitet i over 100 fag, og vi godkjenner om lag 150 til 200 nye bedrifter kvart år. Når fagopplæringskontoret er i tvil om grunnlaget for godkjenning er til stades, er det høve til å bruke Prøvenemnda som yrkesutval. Prøvenemnda er oppnemnd for fire år etter forslag frå partane i arbeidslivet. Partane i arbeidslivet er også representert i Y-nemnda. Vi meiner vi i dag har eit effektivt og godt system kring godkjenning av bedrifter, og det er ikkje lett å sjå at det blir betre om Y-nemnda får uttale seg.
- 2) Dette arbeidet er vi i gang med, men volumet er såpass stort at det både har ei kapasitetsside og ei kostnadsside. Men vi har som målsetting at alle skal ha instruktørkurs.

- 3) Kunnskapsgrunnlaget kring fagopplæring kan bli betre. Fagopplæringsystemet er basert på trepartssamarbeid og tillit. Tilgang på læreplassar er eit relativt omgrep, sidan tilgangen heng saman med kvaliteten på søkjarane til læreplass, og geografisk fordeling av plassane spelar også ei rolle. Fylkeskommunen hentar kvart år inn intensjonsavtalar frå bedrifter som er godkjende opplæringsbedrifter, og dette gjev oss eit bilete av ein situasjon, men vi må heile tida ha med oss at det er bedriftene sjølv som bestemmer kven dei vel å tilsetje.
- 4) Vi gjennomgår listene jamleg, men vi er og avhengige av at bedriftene/opplæringskontora melder frå til oss at bedrifter er lagt ned. Elevane har som tidlegare nemnt ikkje tilgang til Vigo. Oversikt over bedrifter ligg på www.hordaland.no.
- 5) Fylkeskommunen har som målsetting at oppfølginga skal bli betre, og fylkesrådmannen er heilt samd i dette punktet.
- 6) Fylkesrådmannen er også heilt samd i dette punktet. Det bør også i vår organisasjon vere lærekandidatar.
- 7) Fylkeskommunen har laga ei handbok i grunnkompetanse. Denne inneheld mykje av punkt 7. Tilrådinga om god og tilstrekkeleg informasjon er rimeleg.
- 8) Fylkesrådmannen er heilt samd i dette punktet.
- 9) Problema lærlingen ofte møter, er todelte og samansette. Problem knytt til reglar i arbeidslivet og tariffspørsmål er regulert av lov- og avtaleverket mellom partane i arbeidslivet og ligg utanfor Fagopplæringskontoret sitt mandat, sidan vi er ein nøytral part. Problem som til dømes er knytt til forhold rundt opplæringa, eller problemstillingar som har med dette å gjere, blir behandla av Fagopplæringskontoret. Lærlingar som opplever problem i læretida, kontaktar nesten alltid Fagopplæringskontoret, og alt etter kva problemstilling det gjeld, blir dei vidareformidla til rett instans. På bakgrunn av dei sakene vi har motteke, meiner Fagopplæringskontoret at det verkar som lærlingane og lærekandidatane har kjennskap til kva Fagopplæringskontoret kan hjelpe dei med.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Vedlegg 2: Oversikt over sentrale dokument og litteratur

Lov/ forskrift / rettleiarar

Kunnskapsdepartementet: LOV-1998-07-17-61: Lov om grunnskulen og den vidaregåande opplæringa (opplæringslova).

Kunnskapsdepartementet: FOR 2006-06-23 nr 724: Forskrift til opplæringslova

Kirke-, utdannings- og forskningsdepartementet: Rundskriv F-21/95 *Krav til faglig leder i bedrift*, 13.02.1995.

Utdanningsdirektoratet (2011): *Kartlegging og vurdering av yrkesopplæringsnemndenes rolle i fylkeskommunens arbeid med dimensjonerin av utdanningstilbudet*. Rapport

Utdanningsdirektoratet: *Spesialundervisning. Veileder til opplæringsloven om spesialpedagogisk hjelp og spesialundervisning*. Rettleiar

Fylkeskommunale dokument

Hordaland fylkeskommune: *Mål strategi og handlingsplan for fag- og yrkesopplæringa i Hordaland 2012-2015*, vedtatt i fylkesutvalet 22.09.2011

Hordaland fylkeskommune: *Årsrapport 2012*. Fagopplæringskontoret

Hordaland fylkeskommune: *Tilstandsrapport Vidaregåande opplæring 2011/2012*.

Fylkeskommunale rutinar og brevmalar knytt til fagopplæring:

Brevmal: Lærekontrakt og informasjon

Brevmal: Godkjenning som lærebedrift

Brevmal: Innkalling til informasjonsmøte for faglig leiar i lærebedrifter

Brevmal: Velkommen som fagleg leiar (...)

Rutine: Godkjenning av lærebedrift

Rutine: Tap av godkjenning

Rutine: Godkjenning av opplæringskontrakt

Rutine: Godkjenne lærekontrakt

Rutine: Heving av lærekontrakt

Anna

Riksrevisjonen (2013): *Riksrevisjonens undersøkelse av fagopplæring i bedrift*, Dokument3:6 (2012-2013)

<http://www.vilbli.no/>

KOSTRA: <http://www.ssb.no/offentlig-sektor/kostra/>

Hordaland fylkeskommune sine nettsider om opplæring

Deloitte refers to one or more of Deloitte Touche Tohmatsu Limited, a UK private company limited by guarantee, and its network of member firms, each of which is a legally separate and independent entity. Please see www.deloitte.com/no/omoss for a detailed description of the legal structure of Deloitte Touche Tohmatsu Limited and its member firms.

Deloitte provides audit, tax, consulting, and financial advisory services to public and private clients spanning multiple industries. With a globally connected network of member firms in more than 150 countries, Deloitte brings world-class capabilities and deep local expertise to help clients succeed wherever they operate. Deloitte's approximately 200,000 professionals are committed to becoming the standard of excellence.

© 2013 Deloitte AS

Til: Opplærings- og helseutvalet

Frå: Fylkesrådmannen

Referanse
2014/10039-1

Dato
21.01.2014

Rapport på bruk av stimuleringsmidlar 2013

Tiltakspakka med midlar til lærebedrifter for å auke gjennomføring vart vidareført i statsbudsjettet for 2013, på same nivå som då posten vart etablert i 2009. Det var i statsbudsjettet opna opp for at fylkeskommunane kunne disponera midlane slik som var mest tenleg for det enkelte fylke, med tanke på auka tilgang til læreplassar.

Bruk av midlane har vore oppe til sak i Yrkesopplæringsnemnda og Opplærings- og helseutvalet i Hordaland dei siste åra.

Hordaland fylkeskommune har sidan 2009 erfart at kortare tiltak, som ofte vert satt seint i gong, er både vanskeleg å måle, samt lite effektivt. Vi får ikkje etablerte gode rutinar internt i avdelinga, eller eksternt ute hjå lærebedriftene i Hordaland, noko som gjer at bedriftene ikkje tar tiltaka i bruk. Opplæringskontor og lærebedrifter har også komme med tilbakemeldingar om at det er vanskeleg å halda seg oppdatert på ulike tiltak som ikkje vert permanent etablerte. Informasjon om årlege tiltak har vorte sendt ut til lærebedriftene via e-post, i brev, pr. telefon eller i møte med opplæringskontor og lærebedrifter.

I Statsbudsjettet for 2014 er midlane gått inn som ei styrking av rammetilskot til fylkeskommunen. Tilskotet vil gå inn i ordinært budsjett, og utanom ordinært tilskot til lærebedrifter vil det bli rapportert om bruken av midlane.

I tillegg til forsterka rammetilskot til fagopplæring vil departementet styrkje satsinga på dei yrkesfaglege utdanningsprogramma i tråd med Samfunnskontrakten for fleire læreplasser. Departementet har mellom anna frå 2014 sett inn tiltak om 50 000 kr i stimuleringstilskot til nye lærebedrifter som tar inn lærling. Det vert arbeida med retningslinjene rundt dette.

Tiltaka i samfunnskontrakten skal medverke til å auke talet på lærekontraktar med 20 % innan 2015. Tiltaka vil omfatte fleire område. Hospiteringsordninga for lærarar i vidaregåande skule, samt for faglege leiarar og instruktørar i lærebedrifter. Ekstra tilskot til lærebedrifter som tek inn lærlingar som er vanskeleg å formidle til læreplass, eksempelvis grunna av svake karakterar og/eller høgt fråvær, jf. også omtale under kap. 225 post 70. Midlane finansierer utprøving av vekslingsmodellar og alternativ sluttopplæring i skule for dei som ikkje får læreplass. Tiltak i samarbeid med partane i arbeidslivet for auka status og betre rekruttering i fag- og

yrkesopplæringa. For elevar som ikkje får læreplass, eller har dårlege faglege føresetnader til å fullføre og bestå påbyggingsåret, vil departementet prøve ut kvalifisering mellom Vg2 og Vg3. Utprøvinga vil omfatte kvalifisering både til læreplass og til påbyggingsåret. Det vil òg bli gjeve midlar for å stimulere til styrking av samarbeidet mellom skuleeigarar og lokalt og regionalt arbeidsliv.

Tidligare erfaringar med bruk av stimuleringsmidlar

Fram til no har det vorte utarbeida fleire kriterier for tildeling av midlar, noko som har gjort det administrative arbeidet tidkrevjande, og gjort at fleire bedrifter og lærlingar har falle mellom ulike kriterier. I tillegg til sakshandsaming er det også lagt ned mykje arbeid i å rettleie søkjarar. Avklaringsiltaket er eksempel på eit tiltak som Fagopplæringskontoret erfarte medførte mykje administrativt arbeid, men som fram til no har ført til få utplasseringar og lærekontraktar.

Erfaring viser at det kan vera tenleg å avsette økonomiske ressursar til lærebedrifter som er øymerka enkeltindivid for å sikre fullføring av vidaregåande utdanning. Det overordna kriteriet må vera å sikra fullføring av vidaregåande opplæring. Søkjarane må kunne argumentera for bruken utan for mange kriterier å retta seg etter, og fylkeskommunen må kunne utøva skjøn i sakshandsaminga.

I korte trekk er også tilbakemeldingar frå bedrifter som har vorte kontakta at økonomiske tilskot i seg sjølv ikkje er nok til å ta inn ein lærling. Dette gjeld særleg når søkjaren frå skule har låge karakterar og ikkje beståtte fag i tillegg til høgt fråvær. Bedriftene må ha tid, nok arbeidsoppgåver, ledig arbeidsplass og ikkje minst kapasitet til ekstra oppfølging. Bedriftene er interessert i at søkjarane skal ha bestått i alle fag, og at fråværet er lågt. Nokre bransjar er også opptatt av at lærlingen blir verande i bedrifta etter bestått fag/sveinebrev.

Kvart år har Hordaland fylkeskommune, på lik linje med andre fylke, ein del elevar som søker læreplass som dessverre ikkje får lærekontrakt med bedrift. I år har Fagopplæringskontoret hatt tett dialog med søkjarane, både i form av meldingar, meldekort og enkeltmøte med søkjarar som har vore innom *Avklaringsiltaket*.

Kven er dei som ikkje får læreplass?

Etter Fagopplæringskontoret sin gjennomgang av listene med søkjarar som ikkje får læreplass, kan desse søkjarane grovt delast inn slik:

1. Søkjarar med svært høgt fråvær – ofte dei som ikkje møter til avtalar, eller ikkje svarar når dei vert kontakta.
2. Søkjarar med ikkje bestått/svært låge karakterar. «Ikkje kvalifiserte søkjarar.»
3. Søkjarar med bustadadresse langt borte frå bedrifter som har tilbod om aktuelt lærefag. Bedriftene er usikre på om lærlingen blir verande i bedrifta etter læretida og prioriterer «lokale» ungdommar når det gjeld å kalla inn til intervju.
4. Søkjarar som ikkje har vist initiativ til å finne læreplass på eige hand. Har ikkje kontakta bedrifter på eige hand utanom å bli formidla via www.vigo.no.
5. Søkjarar med tilleggsproblematikk som bedriftene vegrar seg for å signere lærekontrakt med. (Eksempel: Ulike diagnosar, fysiske utfordringar, dårleg norsk språk, anna.)

6. Søkjarar til fagområde der det er få bedrifter i Hordaland (fotograf, konditor, kjole og draktsyar). I desse fagområda er det vanskeleg å rekruttera fleire lærebedrifter, då det er få bedrifter i utgangspunktet, og bransjen er prega av små enkeltpersonføretak.
7. Det er ikkje alltid utdanningstilbod og søkjarane sine ynskje samsvarar med det behovet som næringslivet har. Tilbod på læreplasser er ein refleksjon av det næringslivet har behov for.

Hordaland fylkeskommune må arbeide for å gjere det meir attraktivt å vera lærebedrift, der ein mellom anna set fokus på det å vera lærebedrift og nytten av dette. Å selje inn lærlingordninga til bedrifter, med utgangspunkt i listene over dei som ennå ikkje har fått læreplass, er eit dårleg utgangspunkt. Desse søkjarane krev ofte meir oppfølging og opplæring og kan i verste fall skape eit komplisert fyrsteintrykk av lærlingordninga.

Større bedrifter har ofte ein bevisst rekrutteringspolitikk og er dermed med på å ta samfunnsansvar ved å ta inn lærlingar. Vi har bruk for læreplassar i fagområde der Hordaland også har fleire små bedrifter, eksempelvis innan bilbransjen.

Ikkje alle søkjarar til læreplass eller lærekandidatordninga vil få innpass i arbeidslivet grunna særskilte behov. Vi treng såleis også fleire bedrifter som er særleg tilrettelagt for personar med særskilte behov. Dette er personar som kanskje ikkje kan klare å gjennomføre ei fullverdig fagutdanning, men som kanskje kunne fått ein kompetanse gjennom lærekandidatordninga.

Bedrifter som har større potensiale når det gjeld læreplassar er offentlege og statlege bedrifter. Erfaringane til Fagopplæringskontoret viser at for desse verksemdene er det ikkje alltid avsett midlar i budsjettet til å teikne lærekontraktar. Det er også eit stort potensiale når det gjeld enkeltpersonfortak. Dette er bedrifter som kan bidra til å utdanna fagarbeidarar, sjølv om bedrifta ikkje har planar om å rekruttere for vidare tilsetjing etter at læretida er over. For desse bedriftene vert mottak av lærling i stor grad målt opp mot økonomi og eige behov for rekruttering i bedrifta.

Framtidige tiltak

Styrka rammetilskot gjev moglegheit til å styra bruken av tilskot for å få fleire til å gjennomføre vidaregåande opplæring, samt å få fleire lærebedrifter til å ta inn lærlingar. Det skal ikkje setjast i gang nye prosjekt utover dei lovpålagte oppgåver som fylkeskommunen har. Enkeltsaker skal prioriterast samt andre pågåande prosjekt som eksempelvis Produksjonsskolen eller tiltak i samband med Samfunnskontrakten for fleire læreplasser og Meld. St. 20 (2012–2013) «På rett vei. Kvalitet og mangfold i fellesskolen.» Det vert rapportert i slutten av kvart år kva fylkeskommunen har brukt ekstra midlar til.

Evaluering av tiltak 2013:

Det er ikkje utført kvantitative undersøkingar ut mot lærebedrifter og opplæringskontor når det gjeld tilbakemeldingar og synspunkt på dei ulike tiltaka.

Tiltak 1. Tilskot til opplæringskontor som tar inn ny medlemsbedrift.

Fristen for innlevering av oversikt og krav frå opplæringskontora var 30.11.2013.

Oversikt over mengd nye lærebedrifter i opplæringskontor siste tre åra:

År	Mengd nye medlemsbedrifter i opplæringskontor
2011	87
2012	80
2013	89

Resultat: Det har ikkje vore noko markant auke når det gjeld nye medlemsbedrifter i opplæringskontor dei siste 3 åra.

Utbetalt tilskot

Det kom inn krav om tilskot frå 17 opplæringskontor.

Fleire medlemsbedrifter i opplæringskontor har vorte godkjente lærebedrifter, men ikkje alle har tatt inn lærling. Samla vart det utbetalt tilskot for 71 nye medlemsbedrifter i opplæringskontor som også tok inn lærling med godkjent lærekontrakt i 2013. Samla sum som gjekk ut til opplæringskontora i samband med dette tiltaket var kr 2 130 000,-

Opplæringskontor	Sum utbetalt	Vedtak dato	Nye medlemsbedrifter
Opplæringskontorene for Transportfagene i Vest	120 000	13.11.2013	4
Opplæringskontoret for Heste- og Hovslagerfaget	60 000	02.12.2013	2
Opplæringskontoret for elektrofag i Bergen og omegn	60 000	11.11.2013	2
Opplæringskontoret for Indre Hordaland	90 000	31.10.2013	3
Haugaland Opplæringskontor	30 000	03.12.2013	1
Opplæringskontor i Hardanger	90 000	04.12.2013	3
Blomsterdekoratørfagets opplæringskontor	180 000	04.12.2013	6
Opplæringskontoret for Nordhordland	90 000	04.12.2013	3
Bilbransjens opplæringskontor	90 000	10.12.2013	3
Frisørfagets opplæringskontor	90 000	09.12.2013	3
Byggmestrenes Servicekontor	420 000	06.12.2013	14
Opplæringskontoret for Hotell- og restaurantfaget	90 000	03.12.2013	3
Industrien Faglige opplæringsssenter	150 000	11.12.2013	5
Murerfagets Opplæringskontor	90 000	10.12.2013	3
OKAB	180 000	11.12.2013	6

BYGGOPP	210 000	12.12.2013	7
Opplæringskontoret i Austevoll	90 000	12.12.2013	3
SUM	2 130 000		71

Ein del opplæringskontor gir tilbakemelding om at vedtaket kom noko seint, og at dei difor ikkje har fått planlegga godt nok og lagt nok arbeid ned i rekruttering av nye medlemsbedrifter. Tilbakemeldingane frå opplæringskontora i høve til tilskotet har vore positive.

Det vart registrert 9 fleire medlemsbedrifter under opplæringskontor i 2013 enn året før.

Tiltak 2. Basistilskot 2 for lærekontraktar i avviksfag

Avviksfaga gjeld verdiskapingsdelen for Anleggsmaskinmekanikarar, Automatiseringsfaget og Dataelektronikerfaget. Vanlegvis vert det ikkje utbetalt tilskot til lærebedrifter for tida lærlingen er i bedrifta grunna at tida er å rekna som «verdiskaping» og ikkje opplæring. I tilfelle der lærlingane har full opplæring i bedrift vert det gjeve tilskot for alle åra. Frå 2012 til 2013 har vi hatt ein auke på 18 kontraktar når det gjeld lærekontrakt med verdiskaping. Dette er svært positive tal. Det er særleg i Automatiseringsfaget vi kan sjå ein auke, då dette er avviksfaget med flest lærekontraktar.

Tiltaket har gjeve positive tilbakemeldingar frå lærebedrifter og opplæringskontor.

Godkjente lærekontraktar i avviksfaga			
Fag	2011	2012	2013
Anleggsmaskinmekaniker,FOB2	1	1	2
Anleggsmaskinmekaniker,VERDISK	6	8	9
Automatiseringsfaget,FOB	1		
Automatiseringsfaget,FOB1		1	
Automatiseringsfaget,FOB2	1	1	3
Automatiseringsfaget,VERDISK	59	54	70
Automatiseringsfaget,YSK 4år	4		1
Dataelektronikerfaget,FOB		2	
Dataelektronikerfaget,FOB2		1	1
Dataelektronikerfaget,VERDISK	10	8	9
Totalt	82	76	95
Bare verdiskaping kontrakter	75	70	88
Fag som er markert gult gjeld Full opplæring i bedrift, og desse får tilskot uavhengig av tiltaket.			

(Tala er henta frå systemet «vigo» i 4. november 2013).

Samla tilskot som har gått ut til lærebedrifter for avviksfag er kr 3 810 015,-

Tiltak 3.**Oppfølging av pågåande tiltak, nye tiltak og vidare utvikling av fagopplæringa i Hordaland.**

2 prosjektstillingar som i all hovudsak har arbeida med:

- Søknader/sakshandsaming frå lærebedrifter/opplæringskontor om stimuleringsmidlar 2012/2013. Oppfølging av desse, møter med dei ulike prosjekta/bedriftene.
- Informasjonsarbeid om fagopplæring: Til rådgjevarar i NAV, rådgjevarar i skule, andre arenaer der det er behov for informasjon om fagopplæring. Forbetring/oppdatere nettsidene til Hordaland fylkeskommune. Drift av Facebook «Lærling i Hordaland». Annonsering: Fagopplæringskontoret hadde ein kampanje i aviser i Hordaland med informasjon om å bli lærebedrift.
Film. Bli Lærling: Det vart laga ein film som skal brukast for å få fleire til å søkje seg i lære/velje yrkesfag. Filmen var ferdig i desember 2013 og vil gå på Bergen kino fram til søknadsfrist i 2014. Filmen skal også brukast i marknadsføring av fagutdanning/bli lærling. Det vart oppretta kontakt med Magnet media/Kaiman for å laga annonseartiklar om fagopplæring. Dette for å få meir fokus på yrkesfag/få opp status på yrkesfag. Artiklane ligg no ute som annonsar som når rett målgruppe på Facebook.
- Medarbeidar i arbeidet med avtale mellom NAV og Hordaland fylkeskommune
- Møte med samarbeidspartnarar/næringsliv i spørsmål om rekruttering av nye lærebedrifter/lærlingordninga
- Medarbeidar i arbeid med Konkretiseringstiltaket
- Medarbeidar i arbeidet med planlegging av Produksjonsskolen
- Medarbeidar i arbeidet med Hospiteringsordninga – Kontaktpersoner i lærebedrifter er utplassert i skulen, og lærarar er utplasserte i bedrifter.
- Koordinering og arbeid med *Avklaringstiltaket*. Kontakt med søkjarar, lærebedrifter/opplæringskontor og NAV.
- Generelle råd, rettleiing og møte med lærlingar, foreldre, skular, lærebedrifter og rådgjevarar vedk. fagopplæring, lærlingordninga, reglar for godkjenning av lærebedrifter og yrkesval.

Samla sum utbetalt for løn, forsikring, arbeidsgjevaravgift o.l. er på kr 1 259 198,-
I perioden 03.11.2013 – 31.12.2013 var ein person i prosjektet ute i foreldrepermisjon.

Tiltak 4.**Samarbeid med NAV og opplæringskontor om avklaringstiltak for å prøve ut elevar som søker lære plass.**

Arbeidet vart starta i april 2013 og bestod av ei mindre arbeidsgruppe ved Fagopplæringskontoret.

Utval av personar som vart inviterte inn i avklaringstiltaket vart gjort i april/mai 2013. Det vart bestemt å starte med ei mindre gruppe i utprøvinga av tiltaket. Ca. 50 personar som var i ferd med å avslutte Vg 2 vart valt ut fordelt på fag, høgt fråvær første termin, og stryk eller fare for stryk i ulike fagområde. Fagopplæringskontoret tok utgangspunkt i programområda fordelt på enkelte skular der det var utfordringar med å få ut alle søkjarar til lære plass året før.

Skule	Mengd elevar	Fagområde	Fag som er søkt
Stord vgs.	6	Teknikk og industriell produksjon, Elektrofag, Bygg og anleggsteknikk.	Tømrar, Stillas, Elektrikar, Industriell overflate, industrimekanikar, industrirør, CNC, Platearbeider, motormekanikar, bilfaget lett, bilskade
Årstad vgs.	26	Teknikk og industriell produksjon, Elektrofag. Bygg og anleggsteknikk	Industrimekanikar, industrirørleggar, bilfaget lette/tunge, hjulustrustning, CNC, Industrimekanikar, Industriteknologi, aluminiumkonstruksjon, sveisar, platearbeider, industrimontør, elektrikar, elenergimontør, elektroreparatør, tømrar, murar.
Laksevåg vgs.	12	Teknikk og industriell produksjon, Elektrofag. Bygg og anleggsteknikk.	Tømrar og betong, CNC, Industrimontør, Industrimekanikar, kran- og løfteoperasjon, elektrikar.
Sotra vgs.	10	Teknikk og industriell produksjon, Elektrofag. Bygg og anleggsteknikk.	Betong, tømrar, elektrikar, bilfaget lette kjøretøy, Motorsyssel, bil- tunge kjøretøy, anleggsmaskin.
Sum	54		

Følgjande opplæringskontor vart invitert med i Avklaringsstiltaket.

Opplæringskontor	Mengd elevar
Bilbransjens opplæringskontor	10
IFOS	12
Byggmestrenes Servicekontor/Byggopp	16
OKEL	10
Stord (enkeltbedrifter, Ytre Sunnhordland Opplæringskontor)	6
Sum	54

Kartlegging og samtalar

Ein del elevar fall bort før innkallinga til samtalen. Desse personane hadde alt avtale med bedrift. Dette vart klarert gjennom samtale med eleven eller med skulen/lærar på telefon. Avtale om læreplass var i desse tilfella gjort gjennom eigne kontaktar, skule/lærar eller prosjekt til fordjuping. Dette viser at til trass for høgt fråvær og stryk/fare for stryk, klarar likevel mange å finne seg lærekontrakt gjennom kontaktar, eller ved å vise motivasjon og interesse for faget gjennom eksempelvis faget prosjekt til fordjuping.

39 personar vart kalla inn til enkeltvise motivasjon/informasjonsamtalar med representant frå Fagopplæringskontoret og representant for opplæringskontor. Alle som møtte til samtale ville delta i avklaringstiltaket. 16 elevar møtte ikkje til samtale og fall difor ut av tiltaket. Ingen av dei 16 som ikkje møtte til samtale tok kontakt i ettertid for å avtale nytt møte.

Det vart lagt ned ein del arbeid i å koordinera alle møta, slik at dette skulle passe for alle partar. Det vart også tatt omsyn til eksamensdatoar for elevane. I møta vart det gjeve informasjon om aktuelle fagområde, eventuelle alternative fag, aktuelle lærebedrifter, korleis gå fram i prosessen med å søkje læreplass- tips og rettleiing. Informasjon om avklaringstiltaket og informasjon om sommarskule og å melde seg opp til fag med strykkarakter.

Avklaringstiltaket og status

23 personar var frå mai 2014 med i Avklaringstiltaket og signerte avtale om dette.

Status person	Tal
Fått skoleplass (Vg 3 bilfaget eller påbygg)	7
Trekt søknad om læreplass	1
Praksisplass gjennom NAV utan at det førte til læreplass. Bedrifta ville ikkje skrive kontrakt.	1
Er med i andre tiltak (Kvalifiseringstiltaket gjennom NAV, Sveisekurs)	2
Fått læreplass etter praksis	2
Fått læreplass utan praksisplass – direkte ut i lære	4
Ikkje fått læreplass eller praksisplass (4 av desse vart rekna som ukvalifiserte)	5
Takka nei til Vg 3 i skule	1
Sum	23

Av 23 personar er 6 personar i lære, 2 personar er i andre tiltak, og 7 personar går Vg 3 i skule.

Fase 2 - Avklaringstiltaket frå oktober 2013

Utanom den opprinnelege lista på 50 personar vart det jobba med andre enkeltpersonar som pr. 1. oktober ikkje hadde fått læreplass og som kunne vera aktuelle for ein «avklaringsperiode» i bedrift. Arbeidet vart gjort opp mot enkeltbedrifter/opplæringskontor med informasjon om Individstønning og lovnad om ekstra tilskot ved eventuell inngåing av lærekontrakt. Bedrifter vart både kontakta enkeltvis via telefonsamtale eller samla i e-post. Alle dei aktuelle lærebedriftene hadde alt fått tilsendt lister over aktuelle søkjarar, men nye lister vart sendt ut med oversikt over personar som ikkje hadde fått læreplass.

Dersom aktuell bedrift var interessert i å prøva ut ein lærling i ein avklaringsperiode vart aktuelle søkerar kontakta vedk. moglegheit for praksisplass gjennom NAV i samarbeid med Fagopplæringskontoret.

Status

Kven	Tiltak	Status
Søkjær i reiselivsfaget/resepsjonsfaget	Har vore i praksis frå 1. november 2013	Bedrifter er godt nøgd. Kontrakt vart inngått i desember 2013
Søkjær til elektrikar vart vurdert til avklaringstiltaket.	Tilbod om å bli med i avklaringstiltaket med praksis i konkret bedrift.	Søkjær takka nei til å bli med i avklaringstiltaket, men bedrift som hadde fått informasjon om «Avklaringstiltaket» hadde alt oppretta kontakt med vedkomande, og valte å inngå lærekontrakt med søkjaren ettersom kontakt var oppretta.
Søkjær i konditorfaget	Fekk tilbod om praksisplass/læreplass i Sjømat -handlarfaget	Søkjær takka nei praksisplass.
Søkjær i rørleggarfaget	Fekk tilbod om praksisplass, med moglegheit for læreplass gjennom Opplæringskontoret for rørleggarfaget.	Søkjær takka nei til praksisplass.
Søkjær i rørleggarfaget	Var i praksis gjennom Opplæringskontoret for rørleggarfaget i ca. 3 veker.	Søkjær fekk tilbod om læreplass, men takka nei til dette.

Fleire personar vart kalla inn til intervju utan at bedriftene valte å gå vidare med praksisplass eller læreplass.

Det har vorte utbetalt til saman kr 172 000,- til opplæringskontor/lærebedrifter i samband med Avklaringstiltaket.

Tilbakemelding frå Opplæringskontora:

Opplæringskontora som vart invitert med i tiltaket var alle positive til tiltaket. Alle som vart invitert med i tiltaket stilte på informasjonsmøte og var med i prosessen. Fleire hadde allereie innarbeidde rutinar for slik utplassering i samarbeid med NAV utan ekstra tilskot frå fylkeskommunen.

Tilbakemelding frå NAV

Positive til tiltaket. Tettare samarbeid med fylkeskommunen om felles mål å få ungdom ut i arbeid. Tiltaket støttar også opp rundt den ny samarbeidsavtalen som vart signert sommaren 2013.

Konkrete resultat:

Tiltaket har ført til få praksisplassar og vidare læreplassar. Erfaring viser at administrativt arbeid tar mykje tid, og få bedrifter tar inn ekstra lærling eller utprøving i praksis på bakgrunn av ekstra økonomi. Bedriftene ynskjer ikkje ta inn fleire lærlingar enn dei klarer å ta seg av, og økonomi har lite å sei i høve til inngåing av kontrakt.

Fagopplæringskontoret si vurdering av Avklaringsiltaket:

Tiltaket/prosjektet vart sett seint i gang noko som prega oppstart og arbeidet. Det kunne vore behov for meir samarbeid med skulane. Etersom skuleåret var meir eller mindre over når prosjektet kom i gang vart det for seint å setja i gong eit større samarbeidsprosjekt. Tiltaket har vore positivt når det gjeld styrka samarbeid mellom fylkeskommunen og NAV.

Tiltak 5.

Økonomi til ekstra teori, bytte av retning, lærekandidatar og liknande.

Det vart sendt ut informasjon om dette tiltaket på lik linje med dei andre tiltaka. Til trass for dette kom det berre inn ein søknad. Søknaden var frå Bergen kommune.

Søknad gjaldt lærekandidat som fekk omgjort opplæringskontrakten sin frå opplæringskontrakt til lærekontrakt.

Personen gjekk frå å vera lærekandidat til lærling og måtte på bakgrunn av dette også meldast opp til ekstra teori. Ekstra teori vert trekt frå i tilskotet til bedrifta med kr 44,- pr. time. Det vart på bakgrunn av dette utbetalt kr 41360,- til Bergen kommune. Dette er midlar som vil dekke utgiftene som Bergen kommune har til teori.

Tiltak 6.

Tilskot til lærebedrifter som tar inn lærlingar og lærekandidatar med særskilte behov – Forskoting og supplering.

UDIR har kvart år ein søknadsfrist for lærebedrifter der det er mogleg å søkje om ekstra tilskot for lærlingar og lærekandidatar med særskilte behov. Søknadane går gjennom Hordaland fylkeskommune.

I 2012 vart utbetalt sum frå UDIR noko forkorta grunna mange søknader. Totalt tilskotsbehov i 2012 for alle søkjarar i heile Norge vart avkorta av UDIR for den enkelte mottakar med omlag 27 %.

I forskotinga for 2013 har søkjarane fått dekkja heile summen av Hordaland fylkeskommune. UDIR avkorta tilskotet med 21 % grunna mange søknader. Etterbetaling til fylkeskommunen var på kr. 1 965 382,-

År	Søknader	Sum	Utbetalt av
2012	26 (8 lærlingar og 18 lærekandidatar)	1 420 044,-	UDIR
2013	27	2 496 044,-	Hordaland fylkeskommune

Erfaringar frå Fagopplæringskontoret

Positive tilbakemeldingar frå lærebedriftene og opplæringskontora som søkte om tilskot for lærlingar med særskilte behov. Søkjarane får raskare svar på søknaden, og søknadssum vart større ettersom tilskotet som vart forskottet frå Hordaland fylkeskommune ikkje var avkorta. Tiltaket har ikkje ført til fleire søknader, men tiltaka i dei enkelte bedriftene vart raskare sett i verk ettersom tilskotet/vedtaket kom tidlegare.

Til: Yrkesopplæringsnemnda
Opplæring og helseutvalet

Frå: Fylkesrådmannen

Referanse
2014/1534-4

Dato
27.01.2014

Svar på spørsmål om Samfunnskontrakten og intensjonsavtaler

Fylkesrådmannen viser til spørsmål i Yrkesopplæringsnemnda 08.05.12. Melding 3/12:

«Samfunnskontrakt for fleire lære plassar angir at: Det skal lagast realistiske intensjonsavtalar mellom skule, opplæringskontor og lærebedrifter. Yrkesopplæringsnemnda vil be opplæringsdirektøren om ei sak som gjer greie for korleis dette kan organiserast og koordinerast i Hordaland.»

I Hordaland er det Fagopplæringskontoret som primært innhentar intensjonsavtalar om lære plassar og publiserer dei på <http://www.hordaland.no/Hordaland-fylkeskommune/opplæring/Fagopplæring/Lærling/>. Desse vert brukt i arbeid med formidling av lærlingar. Det vert teikna mange intensjonsavtalar kvart år, men det er behov for å få betre oversikt over det totale talet på avtalar.

Det er ikkje alle bedrifter som kan eller ønskjer å teikne intensjonsavtalar. Gjennom året endrar lærebedriftene sine rammevilkår seg slik at intensjonsavtalane ikkje kan oppfyllest. Ei anna utfordring er at bedriftene til tross for intensjonsavtalar vel å ikkje ta inn lærlingar fordi dei ikkje finn kandidatar som fyller dei forventa krava.

Så langt har dei vidaregåande skulane i liten grad teke initiativ til å teikne intensjonsavtalar med bedriftene for ordinære lærlingar. Når det gjeld TAF og prøveprosjekt med vekslingsmodell, ser vi likevel at skulane i større grad tek initiativ til og ansvar for å teikne forpliktande avtalar og samarbeide med bedriftene om gjennomføringa.

Lærebedriftene og opplæringskontora står fritt til å vurdere om dei vil ta inn lærlingar eller ikkje. Organisering av intensjonsavtalar må difor vere forankra i lærebedriftene. Fylkesdirektør for opplæring vil i det vidare vurdere korleis opplæringsavdelinga i endå større grad kan leggje til rette for tettare dialog kring intensjonsavtalar mellom opplæringssektoren, partane i arbeidslivet, lærebedrifter og opplæringskontor.

Opplæringsavdelinga har til dømes gjennom bruk av stimuleringsmidlar lagt til rette for samarbeid med «Aksjon lærebedrift i Hordaland» om tiltak som vert gjennomført vinteren 2014.

Fylkesdirektør for opplæring planlegg å sette ned ei faggruppe med representantar frå fagopplæring, seksjon skule og inntakskontoret som skal vurdere og fremje forslag om tiltak i høve:

- Samanheng mellom dimensjonering av skuletilbodet og intensjonsavtalar
- Styrking av samarbeid mellom opplæringssektoren og partane i arbeidslivet om korleis ein skal få fleire intensjonsavtalar om læreplassar der det er behov for det, og styrke rekruttering til fag der det er vanskeleg å rekruttere lærlingar
- Skulane si rolle og ansvar i arbeid med intensjonsavtalar på vegner av eigne elevar
- Styrking av samarbeid mellom opplæringssektoren og arbeidslivet når det gjeld elevar som treng ekstra støtte for å fullføre utdanninga

Til: Y-Nemnda
Opplæring og helseutvalet

Frå: Fylkesrådmannen

Referanse
2014/358-2

Dato
30.01.2014

**Notat om styrking av rammetilskotet i staden for særlyvving til lærebedrifter.
Førebuing til notat om evaluering av tiltaka i 2013.**

Ekstra tilskot til lærebedrifter for å auke gjennomføringa har tidlegare vore omtalt i statsbudsjettet, og har vore oppe til sak i Yrkesopplæringsnemnda og Opplærings- og helseutvalet i Hordaland dei siste fem åra.

I Statsbudsjettet for 2014, er midlane gått inn som ei styrking av rammetilskotet til fylkeskommunen. Tilskotet vil gå inn i ordinært budsjett, og utanom ordinært tilskot til lærebedrifter vil det bli rapportert om samla bruk av midlane. Ei evaluering av tilskota som vart brukt i 2013, vert lagt fram i februar 2014.

I handlingsplanen til regjeringa for yrkesfaga heiter det:

"Regjeringen vil satse på yrkesfagene, og har derfor bevilget 114 millioner kroner ekstra til et Yrkesfagløft. Hensikten er å styrke samarbeidet med arbeidslivet og sikre at opplæringen til elevene blir mer relevant og praktisk rettet. Viktige tiltak for å bedre virksomhetenes vilkår er blant annet økt lærlingtilskudd og tilskudd på 50 000 kroner til nye lærebedrifter".

Den nye satsinga frå regjeringa, lærlingløftet, inneber mellom anna ein ekstra auke i lærlingtilskotet på kr 3500. I tillegg vert det også skissert ein ekstra startpakke på kr 50 000 for nye lærebedrifter. Det føreligg foreløpig ikkje nokon retningsliner knytt til dette tilskotet.

Til å dekke satsinga vart det sett av 75 millionar ekstra i statsbudsjettet for 2014. Av dette er Hordaland sin del om lag 7 millionar.

I tillegg til forsterka rammetilskot til fylkeskommunen vil departementet styrkje satsinga på dei yrkesfaglege utdanningsprogramma i tråd med Samfunnskontrakten for fleire

lære plassar og Meld. St. 20 (2012–2013) «På rett vei. Kvalitet og mangfold i fellesskolen». Tiltaka i samfunnskontrakten skal medverke til å auke talet på lærekontraktar med 20 prosent innan 2015.

Tiltaka inneheld følgjande satsingsområde:

- Hospiteringsordningar
- Ekstratilskot til lærebedrifter som tek inn søkjarar til lære plass som det er vanskeleg å få ut i lære
- Vekslingsmodellar
- FYR-satsing
- Styrking av Vg2 (kvalifisering for lære plass og kvalifisering for Vg3 påbygg)
- Forsterka Vg3 (sluttopplæring i skule)
- Styrking av samarbeid mellom lokalt/regionalt arbeidsliv og skuleeigar

I statsbudsjett for 2014 er det sett av midlar til dette. Det er Udir som vil styre tildelingane. Midlane vil vere søkbare. I samband med tilleggsproposisjonen frå den nye regjeringa vart satsinga på vekslingsmodellar, hospiteringsordningar og FYR-prosjekt ytterlegare styrka.

I Hordaland er vi i gang med Hospiteringsordning, Vekslingsmodell, forsterka Vg3 (bil klasse i Norheimsund.) og FYR-samling.

Ein del av vidareføringa av NY GIV-satsinga vil også bli retta inn mot desse områda. Overgang frå Vg2 i skule til lære plass er ei sær s omfattande og kompleks utfordring som Opplæringsavdelinga vi ha ei tydeleg merksemd på.

PS 4/14 Ymse